



# Prop. 130 LS

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga



# Innhold

|          |   |            |           |   |           |
|----------|---|------------|-----------|---|-----------|
| <b>1</b> | <b>Innleiing .....</b>  | <b>5</b>   | <b>5</b>  | <b>Endringar i samband med reglar om verdsetningsrabatt i formuesskatten .....</b>                                | <b>21</b> |
| <b>2</b> | <b>Skatteinsentivordning for langsigktige investeringar i oppstartsselskap .....</b>  | <b>5.1</b> |           | Innleiing .....   | 21        |
| 2.1      | Innleiing og samandrag .....  | 7          | 5.2       | Vurderingar og framlegg .....   | 21        |
| 2.2      | Utanlandsk rett .....   | 7          |           | Iverksetjing .....  | 22        |
| 2.2.1    | Innleiing .....   | 7          | <b>6</b>  |   |           |
| 2.2.2    | Sverige .....   | 7          |           | <b>Skattefritak for inntekter frå Statens pensjonsfond utland sine investeringar i unotert eigedom m.m. .....</b> | 23        |
| 2.2.3    | Storbritannia .....   | 8          |           | Innleiing og samandrag .....  | 23        |
| 2.3      | Vurderingar og framlegg .....   | 8          |           | Gjeldande rett .....  | 23        |
| 2.3.1    | Innleiing .....   | 8          | 6.1       | Departementet sine vurderingar ..   | 23        |
| 2.3.2    | Frådrag for aksjeinnskot ved skiping av aksjeselskap eller auke av aksjekapital ..... | 9          | 6.2       | Administrative og økonomiske konsekvensar .....   | 24        |
| 2.3.3    | Vilkår knytte til selskap .....   | 9          | 6.3       | Iverksetjing .....  | 24        |
| 2.3.4    | Vilkår knytte til investor .....  | 11         | 6.5       |   |           |
| 2.3.5    | Uavhengigheit mellom selskap og investor .....  | 11         | <b>7</b>  | <b>Skogvern – skog i selskap med deltarfastsetjing .....</b>  | 25        |
| 2.3.6    | Eigartidskrav og vilkår som gjeld i eigartida .....                                   | 12         |           |   |           |
| 2.4      | Økonomiske og administrative konsekvensar .....                                       | 13         | <b>8</b>  | <b>Produktavgift på fyrstehands-omsetning av fisk .....</b>   | 26        |
| 2.5      | Iverksetjing .....  | 13         |           |   |           |
|          |   |            | <b>9</b>  | <b>Eingongsavgift for motorsyklar .....</b>   | 27        |
| <b>3</b> | <b>Skattefavorisert sparing til pensjon .....</b>                                     | <b>14</b>  | <b>10</b> | <b>Eingongsavgift for ladbare hybridbilar .....</b>   | 28        |
| 3.1      | Ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon .....                 | 14         |           |   |           |
| 3.1.1    | Innleiing og samandrag .....  | 14         | <b>11</b> | <b>Eingongsavgift – innføring av ny køyresyklus .....</b>   | 29        |
| 3.1.2    | Gjeldande rett .....  | 15         |           |   |           |
| 3.1.3    | Vurderingar og framlegg .....   | 15         |           | <b>Vegbruksavgift på naturgass .....</b>  | 30        |
| 3.1.4    | Økonomiske og administrative konsekvensar .....                                       | 17         | <b>12</b> |   |           |
| 3.1.5    | Iverksetjing .....  | 17         | <b>13</b> | <b>Oppfylging av finansskatten ....</b>   | 31        |
| 3.2      | Pensjonssparing for sjølvstendig næringsdrivande m.m. .....                           | 17         | 13.1      | Innleiing og samandrag .....  | 31        |
| 3.2.1    | Innleiing og samandrag .....  | 17         | 13.2      | Vurderingar og framlegg .....   | 31        |
| 3.2.2    | Gjeldande rett .....  | 17         | 13.3      | Omtale av tiltak mot tilpassing ved fellesregistrering av konsernføretak .....                                    | 32        |
| 3.2.3    | Vurderingar og framlegg .....   | 18         |           |   |           |
| 3.2.4    | Økonomiske og administrative konsekvensar .....                                       | 18         | <b>14</b> | <b>Unntak frå plikta til å justere meirverdiavgiftskompensasjon ved kommunesamanslåingar og -delingar .....</b>   | 34        |
| 3.2.5    | Iverksetjing .....  | 18         |           |   |           |
| <b>4</b> | <b>Skattelette til pensjonistar .....</b>   | <b>19</b>  |           | <b>Frittståande skular med vaksne utan rett til vidare-gåande opplæring .....</b>                                 | 35        |
| 4.1      | Innleiing og samandrag .....  | 19         |           |   |           |
| 4.2      | Gjeldande rett .....  | 19         | <b>15</b> |   |           |
| 4.3      | Vurderingar og framlegg .....   | 19         |           |   |           |
| 4.4      | Økonomiske og administrative konsekvensar .....                                       | 19         |           |   |           |
| 4.5      | Iverksetjing .....  | 20         |           |   |           |

|           |  |    |           |  |    |
|-----------|--|----|-----------|--|----|
| <b>16</b> | <b>Oppfylging av skatteforvaltningsloven .....</b>   | 36 | <b>17</b> | <b>Opprettingar i lovtekst .....</b>   | 40 |
| 16.1      | Innleiing .....  | 36 | 17.1      | Skatteloven § 2-3 fjerde ledd bokstav b – skatteplikt på pensjon for personar som ikkje er busette i riket ..... | 40 |
| 16.2      | Opprettingar i folketrygdloven ....  | 36 | 17.2      | Eigedomsskattelova § 8 C-1 .....   | 40 |
| 16.3      | Opprettingar i skatteloven .....   | 36 | 17.3      | Skattebetalingsloven .....   | 41 |
| 16.4      | Opprettingar i skattebetalingsloven .....  | 36 | 17.4      | Tolloven § 13-4 om kontroll hos dei opplysningspliktige .....  | 41 |
| 16.5      | Opprettingar i merverdiavgiftsloven .....  | 36 |           |  |    |
| 16.6      | Opprettingar, presiseringar m.m. i skatteforvaltningsloven .....                                     | 37 |           |  |    |
| 16.7      | Presiseringar knytte til flytting av føresegner om petroleumsskatt til skatteforvaltningsloven ..... | 38 |           |  |    |
|           |  |    |           | <b>A – Forslag til lovvedtak .....</b>   | 44 |
|           |  |    |           | <b>B – Forslag til stortingsvedtak .....</b>   | 58 |

# Prop. 130 LS

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

## Endringar i skatte-, avgifts- og tollovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 11. mai 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2017 foreslår regjeringa fylgjande endringar i skatte- og avgiftsreglane som har provenyverknad for 2017:

- Det vert innført ei skatteincentivordning for langsiktige investeringar i oppstartsselskap som i gjennomsnitt over året har færre enn 25 årsverk og årlege driftsinntekter og/eller balancesum som ikkje overstig 40 mill. kroner. I ordninga vert det gjeve frådrag i alminneleg inntekt for personlege skattytarar for aksjeinnskot i kvalifiserte aksjeselskap for opptil 500 000 kroner årleg. Framleggget er anslått å gje eit provenytap på om lag 330 mill. kroner påløpt i 2017. Provenytapet vert i sin heilskap bokført i 2018. Ordninga tek til å gjelde straks med verknad fra og med 1. juli 2017.
- Det vert innført ei ny ordning med skattefavorisert individuell sparing til pensjon. Framleggget er anslått å gje eit provenytap på om lag 430 mill. kroner påløpt og 45 mill. kroner bokført i 2017. Detaljane i den nye ordninga skal regulerast i forskrift. Departementet tek sikte på å sende framlegg til forskrift på høyring i laupet av våren 2017, slik at ordninga kan tre i kraft i laupet av hausten 2017.

- Maksimalt frådrag for innskot til skattefavorisert pensjonssparing for sjølvstendig næringsdrivande vert auka frå 4 pst. til 6 pst. av berekna personinntekt frå næring. Framleggget er anslått å gje eit provenytap på om lag 150 mill. kroner påløpt og 80 mill. kroner bokført i 2017. Endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.
- Det vert gjeven ei skattelette til pensjonistar gjennom auka minstefrådrag i pensjonsinntekt. Framleggget er anslått å gje eit provenytap på om lag 840 mill. kroner påløpt og 170 mill. kroner bokført i 2017. Endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

Framlegga om endringar i skatte- og avgiftsopplegget inneber ein samla reduksjon i provenyet på om lag 1 750 mill. kroner påløpt og 295 mill. kroner bokført i 2017 samanlikna med saldert budsjett for 2017.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Det vert gjorde tre endringar i reglane om verdsetjingsrabatt i formuesskatten. End-

ringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

- Det vert innført eit skattefritak for passiv avkastning i Statens pensjonsfond utland som vert opptent i selskap som er heileigd direkte eller indirekte av Noregs Bank. Endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.
- Produktavgifta i fiskeri-, kval- og selfangstnæringa vert redusert frå 2,3 pst. til 2,2 pst. Endringa tek til å gjelde frå og med 1. juli 2017.
- Eingongsavgifta for motorsyklar vert lagd om i miljøvenleg retning ved å innføre ei progressiv avgift på CO<sub>2</sub>-utslepp, som erstattar avgifta på motoreffekt og stykkavgifta. Endringa gjeld motorsyklar med registrerte CO<sub>2</sub>-utslepp. Endringa er om lag provenynøytral. Endringa skal gjelde for eingongsavgift for motorsyklar som vert registrerte frå og med 1. juli 2017.
- Konsernbidragsreglane vert endra for å motverke tilpassingsmogleigheter som gjer det mogleg å unngå finansskatt på overskot i finansføretak. Endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.
- Unntaksregelen frå finansskatteplikt vert justert for verksemder som i høg grad driv meirverdiavgiftspliktig, finansiell verksemd. Endringa tek til å gjelde straks med verknad for inntektsåret 2017.
- Det vert gjorde endringar i merverdiavgiftskompensasjonsloven for overdragingar av fast eidegnom m.m. som ledd i kommunesamanslåingar og -delingar med verknad frå og med 1. januar 2017.
- Meirverdiavgiftskompensasjonsordninga vert utvida for friskular med vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring med verknad frå og med 1. januar 2017.
- Det vert gjorde enkelte presiseringar og opprettningar i lovtekst.

I tillegg er følgjande saker omtala:

- Behandlinga i skattesamanhang av erstatning ved frivillig vern av skog for skogsameige.
- Differensiering av eingongsavgift for ladbare hybridbilar etter elektrisk rekkevidde.
- Konsekvensane for eingongsavgifta av nye reglar for måling av utslepp frå køyretøy (ny køyresyklus).
- Status for notifikasjon av fritak for vegbruksavgift på naturgass.
- Departementet vil fram mot statsbudsjettet for 2018 vurdere regelendringar i finansskatten for å motverke moglege tilpassingar gjennom reglane for fellesregistrering av konsernføretak etter merverdiavgiftsloven.

Det vert også viste til følgjande saker som er omtala i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2016–2017) Revidert nasjonalbudsjett 2017:

- Endringar i skattlegginga av opsjonar for små, nyetablerte selskap frå 2018.
- Prosess, innretting og mogleg tidsløp for etablering av eit CO<sub>2</sub>-fond.
- Oppmodingsvedtak om materialavgift for drikkevareemballasje.
- Oppmodingsvedtak om fritak for meirverdiavgift for digital journalistikk.
- Oppmodingsvedtak om støtte til bustader for vanskelegstilte.

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eidegnomsskatt til kommunane (eidegnomsskatellova)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgiftskompensasjonsloven)
- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skatteinntektsloven)
- lov om endringar i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 27. juni 2008 nr. 62 om individuell pensjonsordning
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)
- lov om endring i lov 18. desember 2015 nr. 110 om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eidegnomsskatt til kommunane
- lov om endringar i lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2017 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av finansskatt på lønn for 2017
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for budsjetterminen 2017
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til statskassen for budsjettåret 2017

## 2 Skatteinsentivordning for langsiktige investeringar i oppstartsselskap

### 2.1 Innleiing og samandrag

For å kunne finansiere eit høgt velferdsnivå i åra framover er det heilt naudsynt å gjere det lønsamt å starte og utvikle nye verksemder. Det er menneske som torer å ta sjansar og satse på eigne evner, idear og ressursar som vil skape arbeidsplassar i framtida. Difor trengst det fleire gründerar som startar nye og lønsame verksemder. Regjeringa er positiv til tiltak som fremjar etablering og utvikling av nye verksemder.

Målet med ei skatteinsentivordning med frådrag for langsiktige investeringar er å auke tilgangen på privat risikofinansiering for selskap i startfasen ved å gjere det meir attraktivt å investere i oppstartsselskap.

I si behandling av budsjettet for 2017 vedtok Stortinget samröstes å be regjeringa om å utgreie modellar for skatteinsentiv for langsiktige investeringar i oppstartsselskap, og å leggje det fram i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2017, jf. innstilling (Innst. 3 S (2016–2017)). Eit liknande oppmodingsvedtak (nr. 88 (2015–2016)) vart fatta på grunnlag av Innst. 2 S (2015–2016).

Departementet foreslår ei skatteinsentivordning som inneber at personlege skattytalar som investerer direkte eller indirekte i aksjeselskap som er seks år eller yngre og under ein viss storleik, får rett til frådrag i alminneleg inntekt for opptil 500 000 kroner i årlege investeringar.

Det er eit vilkår at investor held aksjane i minst tre år for å få rett til frådraget. Minste investeringsbeløp er 30 000 kroner. Selskap må ha færre enn 25 tilsette, berekna ut frå årsverk, og verken driftsinntekter eller balansesum kan overstige 40 mill. kroner. For å motverke skattetilpassing vert det stilt krav om eit årleg lønsgrunnlag på minst 400 000 kroner i selskapet, og selskap må dessutan hovudsakleg drive aktivitet som ikkje er passiv kapitalforvalting. Eit selskap kan ta imot inntil 1,5 mill. kroner i investeringar årleg gjennom ordninga.

Ordninga er utforma innanfor rammene av det alminnelege gruppeunntaket i EØS-avtalen sitt

regelverk om statsstøtte. Dette inneber at det ikkje er naudsynt å notifisere EFTA sitt overvåkingsorgan (ESA) før ordninga tek til å gjelde.

Departementet anslår på svært usikkert grunnlag at frådraget vil gje eit påløpt provenytap på om lag 330 mill. kroner i 2017. Departementet legg til grunn at heile provenytapet vert bokført i 2018.

Departementet viser til framlegg om ny § 6-53 i skatteloven.

Departementet foreslår at ordninga tek til å gjelde straks med verknad frå og med 1. juli 2017.

### 2.2 Utanlandskrett

#### 2.2.1 Innleiing

Sverige og Storbritannia har skatteinsentivordningar for investeringar i selskap. Både i Innst. 2 S (2015–2016) og i Innst. 3 S (2016–2017) vart regjeringa beden om å sjå til dei svenske og britiske ordningane ved utforminga av ei norsk skatteinsentivordning. Ordninga departementet foreslår, er tilpassa det norske skattesystemet og den norske næringsstrukturen, men byggjer også dels på element frå den britiske SEIS-ordninga og den svenske ordninga med investorfrådrag. Her vert det gjort greie for hovudtrekka i desse ordningane.

#### 2.2.2 Sverige

Den svenske investorfrådragsordninga vart innført i 2013 og vart godkjend som lovleg statsstøtte av Kommisjonen etter dåverande retningslinjer.

Ordninga gjev fysiske personar rett til eit frådrag i kapitalinntekt på 50 pst. av investert beløp i kvalifiserte selskap. Det maksimale frådraget per investor er 650 000 svenske kroner kvart år, noko som gjev ein maksimal skattereduksjon på 195 000 svenske kroner per person årleg. Det vert gjeve frådrag for investeringar på inntil 20 mill. kroner per selskap årleg. Det er eit vilkår for frådraget at investor held aksjane i minst fem år.

Investorfrådragsordninga er ikkje avgrensa til oppstartsselskap, men gjeld generelt for selskap med færre enn 50 tilsette og årlege driftsinntekter og/eller balansesum som er lågare enn 80 mill. svenske kroner, jf. definisjonen av mindre bedrifter i Kommisjonen sine retningslinjer om statsstøtte. Selskapet må ha eit lønsgrunnlag på minst 300 000 svenske kroner og må hovudsakleg drive verksemd som ikkje inneber kapitalforvalting. Selskap innanfor verfts-, kol- og stålindustri er ikkje omfatta av ordninga.

Ein investor som er eller har vore aksjonær i selskapet i investeringsåret eller to år forut, kan ikkje krevje frådrag for investeringar. Visse transaksjonar og verdioverføringer mellom selskap og investor i nærmere bestemde periodar før og etter investeringa kan i tillegg avskjere eller avkorte retten til frådrag.

### 2.2.3 Storbritannia

Den britiske SEIS-ordninga vart innført i 2012 og vart godkjend som lovleg statsstøtte av Kommisjonen etter dåverande retningslinjer.

Ordninga inneber ulike typar av skatteincentiv for fysiske personar som investerer i kvalifiserte selskap. Det vert gjeve eit skattefrådrag på 50 pst. av investeringar på opptil 100 000 britiske pund per investor årleg. Ei investering på til dømes 10 000 britiske pund gjev eit skattefrådrag på 5 000 britiske pund. Vilkåret er at investor held aksjane i minst tre år. Vert skatten for inneverande år redusert til 0, kan overskytande frådrag brukast ved skattefastsetjinga for førre år. Investor kan fordele investeringane på fleire selskap, men kan ikkje eige meir enn 29 pst. i kvart selskap. Eit selskap er kvalifisert for investeringar i ein periode på tre år, og kan maksimalt ta imot 150 000 britiske pund gjennom ordninga.

I tillegg til skattefrådraget inneber ordninga også fleire andre skatteincentiv. Investor får for det fyrste fritak frå gevinstskatt viss aksjane vert realiserte etter tre år. Investor kan også få halvert gevinstskatt ved sal av aksjar utanfor SEIS-ordninga viss midlane vert brukte til å kjøpe aksjar innanfor SEIS-ordninga. Til tross for at det er redusert gevinstskatt, blir det gjeve fullt frådrag for eventuelle tap.

Selskap må ha fast driftsstad i Storbritannia, vere yngre enn to år, ha færre enn 25 tilsette og kan ikkje ha egedeler verdt meir enn 200 000 britiske pund. Ordninga er òg avgrensa mot ei rekke næringer. Minst 80 pst. av verksemda til eit selskap må vere innanfor ei kvalifisert næring. Verken eksisterande aksjonærar eller tilsette, eller

nærståande til desse, kan få frådrag for investeringar, og ein investor kan heller ikkje verte tilsett i selskapet i laupet av treårsperioden selskapet er kvalifisert for ordninga. I tillegg er det forbod mot visse verdioverføringer, tilknytte lån m.m.

## 2.3 Vurderingar og framlegg

### 2.3.1 Innleiing

Eit fleirtal på Stortinget vedtok fylgjande oppmodingsvedtak (nr. 88) ved behandlinga av budsjettet for 2016, se Innst. 2 S (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen utrede ulike modeller for skatteincentiver/skattefradrag for langsigktige investeringar i oppstartsselskap bl.a. basert på den svenske investeraravdrag og den britiske SEIS-ordningen og legge dette frem for Stortinget i forbindelse med statsbudsjettet for 2017».

Oppmodingsvedtaket vart fylgt opp i form av ei omtalesak i Prop. 1 LS (2016–2017), der regjeringa mellom anna skriv fylgjande:

«Regjeringen er positiv til å vurdere tiltak som fremmer gründervirksomhet, herunder skatteincentiver for langsigktige investeringar i oppstartsselskap (...) Hensynet til å stimulere til etablering og utvikling av nye bedrifter taler for at det arbeides videre med å vurdere slike skatteincentiver. Et konkret forslag må imidlertid utredes ytterligere før en ordning eventuelt kan innføres».

På bakgrunn av innstilling til budsjettet for 2017 (Innst. 3 S (2016–2017)) vedtok Stortinget samrøystes fylgjande oppmodingsvedtak:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med konkrete, ferdig utredede modeller til skatteincentiver/skattefradrag for langsigktige investeringar i oppstartsselskap basert på den britiske SEIS-ordningen og legge dette frem for Stortinget i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2017.»

Regjeringa er positiv til tiltak som fremjar gründerverksemd og etablering av nye verksemder. Ideen bak ei skatteincentivordning med frådrag for langsigktige investeringar er å gjere det meir attraktivt å investere i oppstartsselskap, med formål om å auke selskapa sin tilgang på privat risikofinansiering.

Ei skatteinsentivordning skal stimulere til langsiktige private investeringar i oppstartsselskap. Det er viktig at ordninga ikkje vert for komplisert å rette seg etter for investorar, selskap og skattemyndighetene. Ordninga bør ikkje komplisere skatteregelverket meir enn naudsynt. Vidare tilseier omsynet til næringsnøytralitet at ordninga bør gjelde mest mogleg generelt. Samstundes bør ordninga verte avgrensa slik at ein hindrar uønskte tilpassingar.

Departementet foreslår ei skatteinsentivordning som inneber at skatttytarar som på nærmere vilkår investerer i aksjeselskap av ein viss alder og storleik, får frådrag i alminneleg inntekt for opptil 500 000 kroner i årlege aksjeinnskot.

Sjølv om det er personlege skatttytarar som får den direkte økonomiske fordelen gjennom skatteinsentivordninga, utgjer den indirekte stønaden til selskapa som utgangspunkt statsstøtte etter EØS-regelverket. Utgangspunktet er då at ein må notifisere ESA, som må godkjenne ordninga før den tek til å gjelde. Skatteinsentiv til private investorar er likevel unntake notifikasjonsplikt på nærmere vilkår nemnde i det alminnelege gruppeunntaket, jf. EU-forordning nr. 651/2014 og forskrift om unntak frå notifikasjonsplikt for offentlig støtte av 14. november 2008 nr. 1213. Ordninga departementet her legg fram, er utforma innanfor rammene av det alminnelege gruppeunntaket. Dette inneber at det ikkje er naudsynt å notifisere ESA før ordninga tek til å gjelde.

Departementet viser til framlegg om ny § 6-53 i skatteloven. Departementet foreslår at ordninga tek til å gjelde straks med verknad frå og med 1. juli 2017.

### **2.3.2 Frådrag for aksjeinnskot ved skiping av aksjeselskap eller auke av aksjekapital**

Departementet foreslår ei skatteinsentivordning der personlege skatttytarar vert gjevne eit inntektsfrådrag på inntil 500 000 kroner årleg for aksjeinnskot i eitt eller fleire selskap. Med ein skattesats på 24 pst. kan ein skatttytar potensielt oppnå ein årleg skattereduksjon på 120 000 kroner.

For at ordninga ikkje skal verte for omfattande og komplisert, foreslår departementet at det samstundes vert sett eit minstebeløp for aksjeinnskot på 30 000 kroner. Dette svarar til minstekravet til aksjekapital i eit nyskipa aksjeselskap. Eit selskap kan ikkje ta imot meir enn 1,5 mill. kroner i årlege aksjeinnskot som gjev rett til frådrag gjennom ordninga.

Som det vert gjort greie for nedanfor i punkt 2.4, foreslår departementet at det hovudsakleg skal vere selskapa sitt ansvar å melde inn opplysingar, kontrollere at vilkåra er oppfylte, med vidare. Det er eit vilkår for frådrag at selskapet innrapporterer til skattemyndighetene at aksjeinnskot gjev rett til frådrag for aksjonæren. Frådrag vert då berre gjeve i samband med aukar av aksjekapitalen der selskapet har teke sikte på å hente inn kapital gjennom skatteinsentivordninga. Aksjane må vere utskrivne anten i samband med skipinga av eit nytt selskap eller kapitalauke ved nyteikning av aksjar. Ein skatttytar kan difor ikkje gjere aksjeinnskot i eitt eller fleire kvalifiserte selskap og einsidig gjere krav på frådrag i skattemeldinga.

I det fylgjande vert det gjort greie for nærmere vilkår knytte til høvesvis selskap og investorar.

### **2.3.3 Vilkår knytte til selskap**

Eit fyrste spørsmål er kva for selskap som skal verte omfatta av ordninga og vidare kva for nærmere vilkår ein skal stille til selskapa. Stortinget sine oppmodningsvedtak viser til eit formål om å fremje langsiktige investeringar i *oppstartsselskap*. Ei skatteinsentivordning bør difor treffe unge selskap under ein viss storleik. Samstundes er det viktig å motverke skattemotvert tilpassing.

Departementet foreslår for det fyrste at ordninga berre skal gjelde for aksjeselskap. Aksjeselskapsforma er godt egna for oppstartsselskap som ordninga skal omfatte. Administrative omsyn taler òg for å avgrense ordninga til aksjeselskap. Selskapsforma er godt regulert og gjer det mogleg for Skatteetaten å kontrollere og etterprøve aksjeinnskot gjennom Aksjonærregisteret.

For at skatteinsentivordninga skal treffe oppstartsselskap og ikkje vere ei generell frådragsordning for ein større krins av etablerte selskap, foreslår departementet å avgrense ordninga til selskap der talet på tilsette i snitt er mindre enn 25 årsverk og årlege driftsinntekter og balansesum er mindre enn 40 mill. kroner. Ved berekninga av årsverk inngår både heiltidstilsette, deltidstilsette og mellombelse tilsette som er innmelde i Arbeidstakarregisteret. Med mindre talet på årsverk varierer mykje i laupet av eit år, vil det normalt vere tilstrekkeleg å beregne det gjennomsnittlege talet på årsverk basert på talet på tilsette årsverk ved starten på året og ved slutten på året. Departementet viser elles til berekninga av årsverk etter regnskapsloven. Dersom selskapet inngår i eit konsern, vert grenseverdiane berekna på konsernnivå. Departementet viser her til defi-

nasjonen av konsern i aksjeloven § 1-3. Vilkåra knytte til årsverk, driftsinntekter og balansesum må vere innfridde ved utgangen av året selskapet vart skipa eller investeringsåret for at ein investor skal kunne krevje frådrag.

Utgangspunktet om at ordninga skal fremje investeringar i oppstartsselskap, talar for at den berre skal omfatte selskap som ikkje har eksistert meir enn ei viss tid. Gruppeunntaket har også reglar knytte til alderen til selskapet. Det fylgjer av gruppeunntaket at eit selskap som har gjort sitt fyrste kommersielle sal, som utgangspunkt ikkje kan ta imot indirekte stønad i form av skatteinnsentiv dersom det har vore aktivt på ein marknad i sju år eller meir. Departementet meiner det vil vere komplisert å vurdere og kontrollere vilkår knytte til når eit selskap har vorte aktivt på ein marknad. For å sikre at ordninga er i tråd med gruppeunntaket, og dessutan gjere den minst mogleg komplisert og mest mogleg føreseieleg for selskap og investorar, foreslår departementet at ein investor berre får frådrag for investeringar i selskap som på tidspunktet for investeringa er seks år eller yngre, medrekna året då selskapet vart skipa og registrert.

Ei grense på seks år kan motivere til selskapsrettslege endringar i eksisterande verksemd for å oppfylle vilkåra for frådrag, til dømes ved fisjon, fusjon eller skattefri omdanning frå ein selskapsform til ein annan. For å unngå at slike endringar vert nyttaa til å omgå vilkåra for frådrag, foreslår departementet at ein ved aldersberekinga tek omsyn også til tidlegare selskap sin alder. Ved skattefri omdanning og ved fisjon må ein ta utgangspunkt i stiftingsåret til det tidlegare selskapet. Ved fusjon må ein nytte alderen til det eldste selskapet.

Det er anslått å vere litt under 40 pst. av norske aksjeselskap (med tilsette) som oppfyller desse kriteria knytte til storleik og alder. Dermed omfattar ordninga potensielt ein betydeleg del av norske selskap.

Departementet legg opp til at skatteinnsentivordninga skal vere mest mogleg generell med omsyn til næringer. Næringsnøytralitet har vore eit grunnleggjande prinsipp i skattesystemet sidan 1992-reformen, mellom anna for å sikre at kapital går til dei mest lønsame prosjekta framfor dei prosjekta som gjev lågast skatt. Det vert også vist til regeringa si eigarskapsmelding frå 2014 der ein framhevar næringsnøytrale ordningar som ikkje favoriserer enkeltnæringer. Detaljerte næringsavgrensingar vil vidare komplisere både regelverket og handhevinga av det, samt gjere

ordninga mindre føreseieleg for både selskap og investor.

Med ei generell ordning oppstår det ein risiko for skattemotivert tilpassing. Ein kan til dømes sjå for seg tilfelle der ein skattytar skipar eit aksjeselskap, gjer eit aksjeinnskot med eigne pengar, får frådrag for innskotet og deretter oppløyser aksjeselskapet etter at eigartidsperioden er omme. I eit slikt tilfelle har investoren fått frådrag for å omdisponere eigne middel, utan å bidra til verken ny verksemd eller jobbskapning.

Ein må difor ha reglar som motverkar slik tilpassing. Den britiske ordninga har relativt detaljerte næringsavgrensingar, mellom anna mot finansiell verksemd, kapital- og eigedom forvalting m.m. Den svenske ordninga er på si side langt på veg næringsnøytral, men avgrensa mot selskap som for ein ikkje ubetydeleg del driv passiv kapitalforvalting, i tillegg til at det vert stilt krav om eit årleg lønsgrunnlag i selskapet.

For å redusere risikoen for at ordninga vert nyttaa til skattemotivert tilpassing, foreslår departementet både eit krav om lønsgrunnlag i selskapet og ei grense mot passiv kapitalforvalting.

Selskap som ikkje driv aktiv verksemd, vil normalt heller ikkje ha lønte tilsette. Departementet foreslår at det vert innført eit krav om årleg lønsgrunnlag på minst 400 000 kroner. Ved berekninga av om kravet til lønsgrunnlag er oppfylt, skal ein nytte grunnlaget for berekning av arbeidsgjevaravgift. Dette vilkåret vil vere praktikablt for skattemyndighetene å kontrollere. Eit selskap skipa seinst på året vil kunne ha problem med å oppfylle kravet til lønsgrunnlag det same året. Behovet for kapital kan i ein slik startfase vere stort, og kanskje også naudsynt for å kunne tilsetje arbeidskraft og setje i gang verksemd. Ordninga bør då ikkje stå i vegen for at ein skattytar kan gjere aksjeinnskot og få frådrag i slike tilfelle. Departementet foreslår på denne bakgrunn at kravet til lønsgrunnlag må vere innfridd ved utgangen av året selskapet eller ein kapitalauke vert registrert, eller det etterfylgjande året.

Det vert òg stilt krav om at eit selskap hovudsakleg må drive annan aktivitet enn passiv kapitalforvalting. Passiv kapitalforvalting vil typisk vere avkasting frå kapitalplasseringar i til dømes bank, fond eller verdipapir, utleige av kapitalgjenstandar eller statiske funksjonar som til dømes lisensinntekter frå immateriell eigedom. Eit utgangspunkt for vurderinga kan etter departementet sitt syn vere at maksimalt 10 pst. av aktiviteten kan vere passiv kapitalforvalting. Kjøp og sal av verdipapir med direkte tilknyting til aktivitetar av annan art, bør normalt ikkje vere med i

berekninga. Grensa på 10 pst. er likevel berre eit utgangspunkt. Til dømes vil ei slik grense kunne slå skeivt ut for nyskipa selskap som ikkje har sett i gang nokon aktivitet, og som difor ikkje har driftsinntekter å vise til. Vurderinga vil difor i praksis vere basert på skjønn i kvart einskild tilfelle. Departementet vil sjå an behovet for ytterlegare avgrensinger.

Gruppeunntaket avgrensar vidare mot selskap som vert kontrollerte med meir enn 24 pst. av kapital- eller røysteretsdelane av eitt eller fleire offentlege organ, og den same avgrensinga må difor verte lagd til grunn i den norske ordninga.

Det fylgjer av gruppeunntaket at eit selskap ikkje kan vere i økonomiske vanskar på tidspunktet for ei investering. Økonomiske vanskar er eit EØS-rettsleg omgrep som i denne samanheng viser til selskap som anten er gjenstand for insolvensbehandling eller oppfyller kriteria for å verte gjenstand for insolvensbehandling i nasjonalt regelverk. På denne bakgrunn foreslår departementet at ein ikkje kan få frådrag for investeringar i selskap som er i økonomiske vanskar. Departementet legg til grunn at vilkåret inneber at selskapet ikkje kan ha bede om gjeldsforhandling, eller at vilkåra for konkursopning er oppfylte etter konkursloven.

Skatteinsentivordninga har som formål å fremje private investeringar i oppstartsverksemdu som er skattepliktig i Noreg. I fyrste rekje gjeld det norske aksjeselskap som er heimehøyrande i riket, jf. skatteloven § 2-2. Etter gruppeunntaket er det òg tillate å stille vilkår om at utanlandske selskap har fast driftsstad i landet på tidspunktet for investeringa. Departementet foreslår difor eit vilkår om at utanlandske selskap som motsvarar norske aksjeselskap og er heimehøyrande i ein EØS-stat, må ha avgrensa skatteplikt til Noreg etter skatteloven § 2-3 for at det skal gjevast rett til frådrag for investeringar i slike selskap. Tilsvarande vilkår finst i skatteinsentivordningane i Sverige og Storbritannia.

### 2.3.4 Vilkår knytte til investor

Vidare er det spørsmål om kva for investorar ordninga skal omfatte. Det fylgjer av gruppeunntaket at det berre er fysiske personar som kan få skattefordelar gjennom direkte eller indirekte investeringar i selskap som kvalifiserer for stønad. Departementet foreslår difor at ordninga berre skal gjelde for personlege skattytarar.

I praksis vil mange personlege investorar, mellom anna av skattemessige årsaker, nyte eigne holdingselskap til erverv av aksjar. For at ord-

ninga skal vere relevant å nyte for flest mogleg investorar, foreslår departementet at ein skattytar som utgangspunkt kan få frådrag både for direkte aksjeinnskot i eit oppstartsselskap og indirekte investeringar i form av aksjeinnskot gjorde av eit mellomliggjande holdingselskap som skattytaren eig åleine eller saman med andre.

Bruken av mellomliggjande holdingselskap vil komplisere regelverket og gjere skattemyndigheitene si kontrollverksemdu meir ressurskrevjande. Skattemyndigheitene må halde seg til tre ulike skattesubjekt og deira disposisjonar: den personlege skattytaren som krev frådraget, disposisjonane til det mellomliggjande holdingselskapet samt eigenskapane til oppstartsselskapet det vert gjort aksjeinnskot i.

For å komplisere regelverket og kontrollarbeidet minst mogleg foreslår departementet at ein investor berre kan nyte mellomliggjande holdingselskap i eitt ledd mellom seg sjølv og oppstartsselskapet det vert investert i. Det er holdingselskapet sitt aksjeinnskot i eit oppstartsselskap som utgjer ei investering.

Dersom det mellomliggjande holdingselskapet er eigd av fleire skattytarar, vert frådraget fordelt proporsjonalt ut frå skattytarane høvesvise eigardelar i det mellomliggjande selskapet. Minstekravet om 30 000 kroner i aksjeinnskot gjeld tilsvarende med omsyn til eigardelane i det mellomliggjande selskapet, slik at ein skattytar berre får frådrag dersom aksjeinnskotet i oppstartsselskapet utgjer minst 30 000 kroner berekna ut frå skattytaren sin eigardel i det mellomliggjande holdingselskapet. Dersom ein eller fleire av aksjonærane i holdingselskapet ikkje kvalifiserer for frådrag, skal ein på same måte fordele frådraget på aksjonærane ut frå høvesvise eigardelar, med den skilnad at dei ikkje-kvalifiserte aksjonærane ikkje kan nyte sin del av frådraget.

Retten til frådrag føreset dessutan at skattytar ikkje realiserer nokon del av aksjane i laupet av ei eigartid på tre år i tillegg til investeringsåret. Sjå punkt 2.3.6 nedanfor om krav om eigartid, vilkår i eigartida og konsekvensar ved brot.

### 2.3.5 Uavhengigkeit mellom selskap og investor

I statsstøtteregelverket er det eit generelt forbod mot at investorar som allereie er aksjonærar i eit selskap, kan få skattefordelar for ytterlegare investeringar i dette selskapet. Formålet med desse reglane er å sikre uavhengigkeit mellom selskap og investor. Skatteinsentiv til uavhengige, eksterne investorar er meint å kompensere for

den auka risikoen dei tek som fylgje av manglande tilgang på informasjon om dei aktuelle selskapa. Den manglande tilgangen på informasjon kan leie til at det blir dyrare for selskapa å tiltrekke seg kapital frå slike investorar i startfasen. Utfordrингane knytte til asymmetrisk informasjon gjer seg ikkje gjeldande på same måte for investorar som allereie er tilknytte eit selskap, til dømes som aksjonær eller tilsett. Uavhengigkeit mellom selskap og investor bidreg òg til å redusere risikoen for skattemotivert tilpassing.

I den svenske skatteinsentivordninga vert det ikkje gjeve frådrag til investorar eller nærliggande til desse som er aksjonær i selskapet på tidspunktet for investeringa eller har vore det i laupet av dei to førre åra. Den norske ordninga er avgrensa til selskap som er seks år eller yngre, i motsetnad til den svenske, som ikkje har noka aldersgrense. Etter departementet si vurdering er det difor ikkje same behov for å avgrense kravet om uavhengigkeit til ein viss periode. I staden bør kravet gjelde for heile den perioden eit selskap er kvalifisert for ordninga.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det ikkje vert gjeve frådrag dersom investor eller nærliggande er eller har vore aksjonær i selskapet på tidspunktet for investeringa. Definisjonen av nærliggande fylgjer av aksjeloven § 1-5 fyrste ledd.

Omsyna til uavhengigkeit mellom investor og selskap gjer seg òg gjeldande for tilsette i eit selskap. Aksjeinnskot frå ein tilsett som investerer i eigen arbeidsplass, er ikkje ekstern kapital frå uavhengige investorar. Ei grense mot tilsette vil òg kunne redusere risikoen for skattemotivert tilpassing. Til dømes kan ei slik avgrensing hindre at eit selskap og ein tilsett avtaler eit lønspåslag mot at den tilsette gjer eit aksjeinnskot, der båe partar kjem gunstig ut av transaksjonen utan at den har bidrege til jobbskaping eller ny verksemd. Ein kan òg hindre at ein skatttytar skipar eit nytt selskap, får frådrag for aksjeinnskot og deretter tilset seg sjølv i selskapet for slik å oppfylle kravet om årleg lønsgrunnlag, jf. punkt 2.3.3. Ein kan her også vise til den britiske ordninga, som ikkje gjev frådrag til investorar som anten er tilsette i selskapet eller vert tilsette i laupet av eigartida.

På denne bakgrunn foreslår departementet at ordninga òg vert avgrensa mot at noverande og tidlegare tilsette, samt nærliggande til desse, kan få frådrag. Det vert i tillegg rekna som brot på vilkåra for frådrag dersom skatttytaren vert tilsett i selskapet i laupet av eigartida, sjá nærmare i punkt 2.3.6 under om eigartidskravet og konsekvensar ved brot på vilkår.

Statsstøtteregeverket tillet at skiparane av eit nytt selskap kan få frådrag for aksjeinnskot ved sjølv skipinga av selskapet. Departementet foreslår ein tilsvarende regel, då skatteinsentivordninga mellom anna er meint å fremje start av ny verksemd. Etter departementet sitt syn tilseier dei same omsyna til uavhengigkeit og skattetilpassing at dette likevel ikkje gjeld dersom det nye selskapet er skipa gjennom fusjon, fisjon eller skattefri omdanning frå ei selskapsform til ei anna, og skatttytar eller nærliggande av skatttytar har vore aksjonær eller tilsett i tidlegare selskap. For òg å fange opp skattefri omdanning av enkeltpersonføretak til aksjeselskap, gjeld avgrensinga tilsvarende med omsyn til tidlegare eigar. Dette inneber at tidlegare eigarar i til dømes ansvarlege selskap og enkeltpersonføretak ikkje kan få frådrag ved omdanning til aksjeselskap.

### **2.3.6 Eigartidskrav og vilkår som gjeld i eigartida**

Stortinget viser i sine oppmodingsvedtak til *langsiktige* investeringar i oppstartsselskap. Omsynet til langsiktigheit tilseier då at det bør vere eit vilkår for frådrag at ein investor held aksjane i ein viss periode. Dette til trass for at eit eigartidskrav kan føre til ein innlåsingseffekt der kapital blir verande i eit selskap berre av skatteomsyn. Departementet viser her til at også skatteinsentivordningane i Sverige og Storbritannia har krav om eigartid på høvesvis fem og tre år.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det vert stilt krav om minst tre års eigartid i tillegg til investeringsåret for at ein investor skal ha rett til frådrag.

Kravet inneber at heil eller delvis realisering av aksjar erverva gjennom ordninga i laupet av eigartida, fører til at investor mister retten til heile frådraget.

Dette gjeld likevel berre opp til grensa på 500 000 kroner for frådragsgjevande aksjeinnskot i eitt og same selskap. Ein kan tenkje seg døme der ein investor som har gjort aksjeinnskot for 500 000 kroner og fått frådrag for dette, i seinare år gjer fleire aksjeinnskot i same selskap, men då utan rett til frådrag for desse aksjeinnskota. I eit slikt døme ville fyrt inn, fyrt ut-prinsippet (FIFU) i sktl. § 10-36 innebere tilbakeføring av frådrag ved realisering av nokon del av aksjane. Departementet meiner ei slik løysing ikkje er ynskjeleg, og at det bør vere mogleg å realisere aksjar som ein ikkje har fått frådrag for. På denne bakgrunn foreslår departementet at FIFU-prinsippet ikkje skal gjelde for frådragsgjevande aksjar i

laupet av eigartida. Ein ser det då heller slik at desse aksjane vert realiserte sist i laupet av eigartida. Etter eigartida tek FIFU-prinsippet til å gjelde som normalt.

Kravet til eigartid gjeld tilsvarende i dei tilfelle der investor nytter eit mellomliggjande holdingselskap til erverv av aksjar. Dette inneber at ein skatttytar som har gjort eit indirekte aksjeinnskot via eit holdingselskap, mister retten til frådraget dersom han eller ho heilt eller delvis realiserer aksjane i holdingselskapet eller oppstartsselskapet.

Då frådraget er knytt til den enkelte personlege skatttytar, meiner departementet at også gáveoverføringar og overføringar i samband med skilsmisse skal vere rekna som realisasjon og dermed vilkårsbrot. I motsett fall ville det oppstå fleire kompliserande spørsmål knytte til oppfylling av eigartidskrav, kven som skal ha rett på eit eventuelt frådrag, kontroll med vidare. Overføring av aksjar ved arv eller uskifte skal likevel ikkje reknaast som realisasjon som inneber brot på vilkåra.

Reglane om tilbakeføring av frådrag ved realisering av aksjar i laupet av eigartida fangar verken opp utdeling av utbytte eller utdeling ved kapitalnedsetjing. Omsynet til å hindre skattemotivert tilpassing tilseier difor at ein òg bør ha reglar mot etterfylgjande verdioverføringar frå selskap til investor. Dette til trass for at slike reglar kan bidra til å forsterke innlåsingseffekten som allereie fylgjer av at aksjane ikkje kan realiserast i eigartida.

Utan slike reglar kan ein til dømes investere i eit selskap, få frådrag for det investerte beløpet og deretter hente ut igjen middel i laupet eigartida utan å miste retten til frådrag. Samstundes er det viktig at reglane er så føreseilege for investorar og selskap som mogleg og ikkje for kompliserte å kontrollere.

På denne bakgrunn foreslår departementet at utdeling av utbytte til ein investor i laupet av eigartida vert rekna som brot på vilkåra for frådrag, jf. skatteloven § 10-11 fyrste ledd. Aksjonærلن vert òg rekna som utdeling av utbytte, jf. skatteloven § 10-11 fjerde ledd. Også kapitalnedsetjing i selskapet med utbetaling til aksjonærane skal reknaast som brot på vilkåra for frådrag, jf. særleg aksjeloven § 12-1 fyrste ledd nr. 2.

Det er vidare spørsmål om kva konsekvensar vilkårsbrot skal ha. Departementet foreslår at ein førebels ikkje regulerer dette særskilt. Brot på vilkåra for frådrag inneber då at skattemyndigheitene kan gjere endringar i tidlegare skattefastsetjing. Eventuelt kan skatttytar sjølv gjere endringar etter varsel frå skattemyndighetene. Departementet viser her til skatteforvaltningsloven kapittel 12.

## 2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet anslår på svært usikkert grunnlag at frådraget vil gje eit påløpt provenytap på om lag 330 mill. kroner i 2017. Departementet legg til grunn at heile provenytapet vert bokført i 2018.

Ordninga reiser vidare administrative spørsmål knytte til registrering av aksjeerverv, kontroll av vilkår og relevante opplysningar frå skatttytar og selskap.

Departementet legg til grunn at selskapa får ansvar for å melde inn opplysningar om aksjeinnskot. Selskapa har òg ansvaret for å kontrollere at vilkår for frådrag er oppfylte og å rapportere om brot på vilkåra.

Dersom ein skatttytar har gjort indirekte aksjeinnskot via eit mellomliggjande aksjeselskap, må òg det mellomliggjande selskapet melde inn opplysningar om aksjeinnskotet. Ved indirekte aksjeinnskot vert det difor eit dobbelt krav om rapportering.

Ordninga krev tilpassingar i Skatteetaten sine system. I tillegg må ein utvikle rutinar for oppfølging og kontroll av selskap og aksjonærar. Delar av saksbehandlinga og kontrollarbeidet vil måtte skje manuelt, noko som vil vere ressurskrevjande.

Departementet anslår at dei interne kostnadene for utvikling av system og rutinar hos Skatteetaten vert om lag to til tre mill. kroner. I tillegg kjem det varige kostnader knytte til saksbehandling og kontrollverksemد.

## 2.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at ordninga tek til å gjelde straks med verknad frå og med 1. juli 2017.

## 3 Skattefavorisert sparing til pensjon

Regjeringa ynskjer å leggje til rette for auka sparing til pensjon, og foreslår endringar i reglane for skattefavorisert individuell sparing til pensjon og skattefavorisert sparing til pensjon for næringsdrivande m.m.

Reglane om individuell pensjonssparing og skattefavorisert pensjonssparing for næringsdrivande m.m. er delar av eit heilskapleg pensjonsystem. Pensjonsreforma innebar behov for endringar i heile pensjonssystemet, og reforma krev framleis oppfylging. Mellom anna evaluerer partane i avtalefesta pensjon i privat sektor no denne ordninga. Andre prosessar er òg sette i verk.

Som ei oppfylging av meklinga i frontfaget mellom Fellesforbundet/LO og Norsk Industri/NHO i lønsoppgjetret 2016 vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere moglege endringar i privat tenestepensjon, jf. omtale i boks 2.15 i Finansmarkedsmeldingen 2016–2017. Arbeidsgruppa sende utgreiinga si til departementet i desember 2016. Arbeidsgrupperapporten innehold framlegg som det av samfunnsøkonomiske omsyn kan vere grunnlag for å greie nærmare ut.

Departementet har motteke innspel om rapporten, særleg når det gjeld spørsmål om såkalla eigen pensjonskonto. Departementet har òg fått innspel om regelverket for forvalting av garanterte pensjonsprodukt, som ikkje var ein del av rapporten. I eit brev 8. mai 2017 har departementet invitert til eit møte med arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonar, finansnæringa og Forbrukerrådet om oppfylginga av arbeidsgrupperapporten frå desember 2016 og om ønsket om å greie ut regelverksendringar for forvalting av garanterte pensjonsprodukt.

### 3.1 Ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon

#### 3.1.1 Innleiing og samandrag

I Sundvolden-erklæringa slo regjeringa fast at ho ville stimulere til auka pensjonssparing gjennom å auke dei årlege sparebeløpa, og vurdere innføring av lik sats i skattlegging ved sparing og uttak i

ordninga for individuell pensjonssparing (IPS-ordninga).

IPS-ordninga er ei skattefavorisert, individuell pensjonsspareordning. Innskot i ordninga, med ei øvre grense på 15 000 kroner årleg, kjem til frådrag i alminneleg inntekt i innskotsåret. Inneståande beløp i ordninga er unntake fra formuesskatt, og avkastinga vert ikkje skattlagd laupande. Utbetalingar frå ordninga vert skattlagde som pensjonsinntekt.

For mange har IPS-ordninga vorte mindre gunstig dei seinare åra. Det har mellom anna samanheng med at mange pensjonistar har fått høgare marginalskatt på pensjon som fylgje av endringar i skattereglane for pensjon (2011), og at reduksjonar i skattesatsen for alminneleg inntekt har redusert skatteverdien av frådrag, inkludert innskot i ordninga. Dette har ført til at færre IPS-kontraktar har vorte teikna.

Regjeringa foreslår på denne bakgrunn at det vert innført ei ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon, der uttak frå ordninga vert skattlagt som alminneleg inntekt, i staden for som pensjonsinntekt med trinnskatt og trygdeavgift. Den nye ordninga skal elles skattleggast på same måte som den gjeldande IPS-ordninga, og ho vidarefører i hovudsak dagens løysingar for individuelle pensjonsspareavtalar. I den nye ordninga vil det likevel ikkje vere høve til å inngå skattefavoriserte pensjonsforsikringsavtalar. I samband med innføringa av den nye ordninga for individuell sparing til pensjon foreslår regjeringa at gjeldande IPS-ordning vert stengd for nye avtalar, men at eksisterande avtalar kan vidareførast med den same skattemessige behandlinga som i dag.

Vidare foreslår regjeringa å auke den øvre grensa for sparing i den nye ordninga til 40 000 kroner årleg. Det vert ikkje sett noka grense for maksimal samla sparing i ordninga.

Detaljane i den nye ordninga skal regulerast i forskrift, som ein tek sikte på å sende på høyring i laupet av våren 2017. Departementet legg opp til at ordninga kan tre i kraft i laupet av hausten 2017.

Departementet anslår på usikkert grunnlag at ei ny ordning for skattefavorisert individuell spa-

ring til pensjon vil redusere provenyet med 430 mill. kroner påløpt og 45 mill. kroner bokført i 2017.

Det vert vist til framlegg om endring i skatteloven § 5-20 andre ledd og § 6-47 fyrste ledd bokstav c og d, skatteforvaltningsloven § 7-3 andre ledd bokstav f og til framlegg om ny § 1-1 a i lov om individuell pensjonsordning. Departementet foreslår at endringane i skatteloven og lov om individuell pensjonsordning tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer, og at endringane i skatteforvaltningsloven tek til å gjelde straks.

### **3.1.2 Gjeldande rett**

Dagens IPS-ordning er regulert i lov om individuell pensjonsordning, medan reglane for skattlegging av sparing og uttak etter ordninga går fram av reglar i skatteloven og Finansdepartementet si forskrift til skatteloven (FSFIN). Det fylgjer av lov om individuell pensjonsordning § 1-3, fjerde ledd at kvar person under ordninga kan innbetale inntil 15 000 kroner årleg til premie, innskot og kostnader knytte til administrasjon av IPS. For slike innbetalingar vert det gjeve frådrag i alminneleg inntekt jf. skatteloven § 6-47, fyrste ledd, bokstav c. Inneståande beløp i ordninga er ikkje gjenstand for formuesskatt, jf. skatteloven § 4-2, tredje ledd jf. FFSIN § 4-2-1, og avkastinga av inneståande beløp vert ikkje skattlagd laupande. Utbetingar frå ordninga er skattepliktige som pensjonsinntekt, jf. skatteloven § 5-1, og personinntekt, jf. skatteloven § 12-2, fyrste ledd, bokstav b.

Det er eit generelt vilkår at pensjonsavtalen skal gje kunden rett til alderspensjon, jf. lov om individuell pensjonsordning § 1-3. I tillegg til alderspensjon kan IPS-avtalar omfatte forsikringar som gjev rett til innskotsfratak eller premiefritak ved uførleik. Dei kan òg, innanfor enkelte nærmare fastsette rammer, omfatte forsikringar som gjev rett til uførepensjon eller andre uføreytingar, etterlatepensjon og barnehelsepensjon.

Ein avtale om IPS kan i dag inngåast anten som pensjonsforsikringsavtale eller som pensjonspareavtale. Pensjonsforsikringsavtalar er kjennteikna ved at dei kan gje livslang pensjon. Pensjon til dei som lever lenge vert finansiert av restbeløpet til personar som dør, såkalla dødelegheitsarv. Individuelle pensjonsforsikringsavtalar kan berre inngåast med forsikringsføretak. Pensjonskasser kan berre tilby individuelle pensjonsavtalar til dei som er medlem av den kollektive pensjonsordninga i pensjonskassa.

Pensjonsspareavtalar er i utgangspunktet reine spareavtalar. Frå slike avtalar kan det utbe-

talast faste årlege beløp til kunden i eit fastsett tal av år. I slike ordningar er det inga overføring frå dei som lever kort til dei som lever lenge. Pensjonskapitalen fell til dei etterlatne dersom kunden dør. Pensjonsmidlane kan forvaltast med eller utan investeringsval, og med eller utan avkastingsgaranti. Innskota til kunden og avkastinga som er oppnådd ved forvalting av desse innskota i laupet av åra fram til pensjonsalder, vil vere avgjerande for storleiken på pensjonsytinga. Bankar og innskotspensjonsføretak kan tilby pensjonspareavtalar. Men òg forsikringsføretak og pensjonskasser kan tilby slike avtalar, så framt avtalen har eit forsikringselement. Slike forsikringselement kan til dømes vere ein avkastingsgaranti eller eit fritak for innskot ved uførleik.

Etter gjeldande IPS-ordning kan personar som har fylt 18 år, inngå pensjonsavtale med rett til å spare i ordninga inntil fylte 75 år. Når det gjeld uttak av alderspensjon, er IPS-ordninga tilpassa det allmenne pensjonssystemet med omsyn til aldersgrenser m.m. Kunden kan tidlegast ta ut alderspensjon frå fylte 62 år, med mindre han kan ta ut alderspensjon frå lovregulert tenestepensjonsordning på eit tidlegare tidspunkt. For pensjonsspareavtalar skal alderspensjon frå ordninga utbetalast i eit fastsett tal av år frå uttak og minst til fylte 77 år, men ikkje mindre enn 10 år. For pensjonsforsikringsavtalar er utgangspunktet at alderspensjon skal utbetalast så lenge kunden lever. Det kan likevel avtalast at alderspensjonen skal opphøyre eller setjast ned ved 77 år, men ikkje i noko tilfelle før alderspensjon har vore utbetalta i 10 år.

### **3.1.3 Vurderingar og framlegg**

#### *Innleiing*

Som det er gjort greie for i punkt 3.1.1., har lønsemada av IPS-ordninga falle dei seinare åra. Regjeringa ynskjer difor ei gunstigare ordning med auka årlege sparebeløp og lik sats i skattlegging ved sparing og uttak. Målet er å stimulere til auka pensjonssparing.

Etter gjeldande reglar er det høve til å flytte pensjonskapital frå ei kollektiv tenestepensjonsordning til IPS-ordninga ved opphøyr av medlemskap i den kollektive ordninga, jf. innskotspensjonsloven § 6-3 fyrste ledd, foretakspensjonsloven § 4-7 fyrste ledd og tjenestepensjonsloven § 6-2 tredje ledd. Slik pensjonskapital har korkje vore skattlagd som alminneleg inntekt eller som personinntekt ved opptening, men under føresetnad av at utbetingar av pensjonskapitalen skal

skattleggast både som alminneleg inntekt og som personinntekt. Dersom uttak av eksisterande middel i gjeldande IPS-ordning skulle vere omfatta av det endra prinsippet for skattlegging, ville dette såleis innebere at kollektiv pensjonssparing som korkje vart pålagd skatt på alminneleg inntekt eller skatt på personinntekt på innskotstidspunktet, berre vert skattlagd som alminneleg inntekt ved uttak. Det er ikkje målet med dei nye reglane at pensjonskapital frå dei kollektive tenestepensjonsordningane skal omfattast av den gunstigare skattlegginga. Difor bør dei nye reglane berre gjelde for nye innskot i ordninga. Fylgjeleg må det oppretta ei ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon.

På denne bakgrunn foreslår regjeringa å innføre ei ny ordning for individuell sparing til pensjon, der uttak vert skattlagd som kapitalinntekt. Vidare foreslår regjeringa å auke det årlege sparebeløpet under den nye ordninga til 40 000 kroner. Dagens IPS-ordning vert stengd for nye avtalar.

#### *Skattlegging av ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon*

Departementet foreslår at uttak frå den nye ordninga ikkje skal skattleggast etter reglane for pensjonsinntekt, men derimot som kapitalinntekt. Dette inneber at uttak frå ordninga etter framleget ikkje vil verte skattlagt som personinntekt, med trinnskatt til staten og trygdeavgift, men berre som alminneleg inntekt. Dermed vert den maksimale effektive marginalskattesatsen på uttak redusert frå 43,6 pst. til 24 pst. med skattesatsane som gjeld for 2017.

Utover skattlegginga av uttak, vert skattlegginga av den nye ordninga lik skattlegginga av den gjeldande IPS-ordninga (og den tidlegare IPA-ordninga). Inneståande beløp i ordninga vil såleis vere unntake fra formuesskatt, og avkastning vil ikkje verte skattlagd laupande.

Departementet foreslår å auke det årlege maksimale sparebeløpet under den nye ordninga for skattefavorisert individuell sparing til pensjon frå 15 000 til 40 000 kroner.

Det vert vist til framlegg om endring av skatteloven § 5-20 andre ledd og § 6-47 første ledd bokstav c og d.

#### *Andre vilkår*

Departementet foreslår at dei nærmere vilkåra for ordninga vert fastsette i Finansdepartementet si forskrift til skatteloven. Departementet tek sikte

på å sende eit utkast til forskrift på høyring i laupet av våren.

Departementet legg opp til at vilkåra i den nye ordninga skal ligge tett opp til dagens løysingar med omsyn til aldersgrenser for sparing, uttaksreglar m.m., sjå punkt 3.1.2 ovanfor og kapittel 1 og 2 i gjeldande lov om individuell pensjonsordning.

Departementet har vurdert om den nye ordninga skal gjelde både for pensjonsspareavtalar og pensjonsforsikringsavtalar, lik dagens ordning, eller berre omfatte pensjonsspareavtalar.

Tal frå Finans Norge viser at individuelle pensjonsforsikringsavtalar med dødelegheitsarv i praksis ikkje vert tilbodne i IPS-ordninga i dag. Dette taler for å avgrense den nye ordninga til pensjonsspareavtalar. Pensjonsspareavtalar er generelt langt mindre komplekse enn pensjonsforsikringsavtalar. Ei avgrensing til slike avtalar vil dermed bidra til å gjere regelverket vesentleg enklare og med færre føresegner enn om òg pensjonsforsikringsavtalar skulle inkluderast. Ettersom pensjonsforsikringsavtalar i praksis ikkje vert tilbodne i dag, vert det inga reell endring frå dagens ordning slik denne i praksis fungerer. I tillegg til dei regeltekniske gevinstane vil ei slik avgrensing også kunne påverke konkurransen gunstig fordi ei enklare ordning med færre produkttypar kan gjere det lettare for kundane å få oversikt over dei ulike produkta som finst og å samanlikne prisar.

Ein føresetnad for at ei slik avgrensing kan verke positivt på konkurransen er likevel at skattytarane får høve til å flytte avtalar mellom ulike typar av tilbydarar, til dømes frå ein bank til eit forsikringsføretak. Departementet vil vurdere dette nærmare i samband med utarbeiding av høyringsnotatet om forskrift.

Departementet legg opp til at det òg i den nye ordninga for skattefavorisert individuell sparing til pensjon skal vere høve til å knyte eit forsikringselement til spareavtalane. Dermed kan òg livsforsikringsføretak tilby ordninga.

Departementet foreslår at heimel for frådrag for innskot i den nye ordninga, samt heimel for å gje forskrift om nærmere vilkår, vert fastsett i ny bokstav d i skatteloven § 6-47 første ledd.

Ettersom den nye ordninga vil vere svært gunstig, og kan gje opphav til omfattande skattefavorisert sparing, vil departementet vurdere nærmare om det er behov for å innføre reglar for skattlegging av personar som flytter ut og som har spart i den nye ordninga.

Heimel for rapportering av utbetalingar frå dagens IPS-ordning går fram av skatteforvaltningsloven § 7-2 første ledd bokstav b jf. § 7-3

andre ledd. For å sikre heimel også for rapportering av utbetalingar frå den nye ordninga for skattefavorisert individuell sparing til pensjon, foreslår departementet eit tillegg i ordlyden i skatteforvaltningsloven § 7-3 andre ledd bokstav f. For rapportering av utbetalingar «knyttet til individuelle pensjonsavtaler» viser § 7-3 andre ledd tredje punktum til reglane i § 7-2, som gjeld rapportering av lønsopplysingar m.m. Ettersom utbetalingar frå den nye ordninga ikkje skal skattleggjast som pensjon eller trygd, men derimot som kapital, vil denne tilvisinga ikkje gjelde for den nye ordninga.

Det vert vist til framlegg om endring av skatteleven § 6-47 første ledd bokstav c og d, og skatteforvaltningsloven § 7-3 andre ledd bokstav f.

#### *Avvikling av dagens IPS-ordning*

Departementet foreslår å stenge dagens IPS-ordning for nyteikning av kontraktar i samband med at det vert innført ei ny ordning for individuell sparing til pensjon. Departementet foreslår likevel at dei som har IPS-avtalar, får høve til å halde fram med innbetalingar på eksisterande kontraktar. Dermed vert det ein smidig overgang frå eksisterande til ny ordning, og ein slepp kompliserande overgangsreglar. Etter framlegget vil frådrag for innskot til dagens ordning verte samordna med frådrag for innskot i ny ordning, slik at frådrag for innskot i den nye ordninga vert redusert med innskot i dagens ordning.

Det vert vist til framlegg om ny § 1-1 a i lov om individuell pensjonsordning.

#### **3.1.4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Provenytapet ved ei ny ordning for skattefavorisert individuell sparing til pensjon, vil avhenge av i kva grad samla innskot vil auke som fylge av at den nye ordninga er gunstigare enn dagens IPS-ordning. Detaljane i ordninga vil ikkje vere klare før til hausten, etter at høyningsprosessen er gjennomført. Det må difor rekna med at det meste av det bokførte provenytapet av ei endring med verknad frå 2017 vil kome i 2018. Provenytapet vert på usikkert grunnlag anslått til om lag 430 mill. kroner påløpt og om lag 45 mill. kroner bokført i 2017.

Dei administrative kostnadene for Skatteetaten vil truleg vere relativt beskjedne, men ein må rekne med noko meir arbeid og meirkostnader ved å tilpasse system i etaten.

#### **3.1.5 Iverksetjing**

Detaljane i den nye ordninga skal regulerast i forskrift. Ordninga kan ikkje tre i kraft før dei nærare vilkåra er på plass. Departementet tek sikte på å sende framlegg til forskrift på høyring i laupet av våren 2017, slik at ordninga kan tre i kraft i laupet av hausten 2017. Departementet foreslår difor at endringane i skatteloven og lov om individuell pensjonsordning tek til å gjelde frå den tid Kongen bestemmer, og at endringane i skatteforvaltningsloven tek til å gjelde straks.

### **3.2 Pensjonssparing for sjølvstendig næringsdrivande m.m.**

#### **3.2.1 Innleiing og samandrag**

Sjølvstendig næringsdrivande, deltararar i selskap med deltararfastsetjing og tilsett eigar i aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, kan få inntektsfrådrag for tilskot til pensjonsordning som tilfredsstiller vilkår fastsette i lov om innskuddspensjon. Frådraget kan maksimalt utgjere 4 pst. av berekna personinntekt frå næring mellom 1 G og 12 G. Næringsdrivande m.m. vil òg kunne spare i den nye ordninga for skattefavorisert individuell sparing til pensjon. For at næringsdrivande m.m. skal få endå betre moglegheit til skattefavorisert sparing til pensjon, gjer regjeringa framlegg om òg å auke grensa for skattefavorisert sparing til pensjon for næringsdrivande m.m. til 6 pst. av berekna personinntekt frå næring. Departementet gjer òg framlegg om enkel opprettingar.

Departementet anslår på usikkert grunnlag at framlegget vil redusere provenyet med om lag 150 mill. kroner påløpt og 80 mill. kroner bokført i 2017.

Det vert vist til framlegg om endring i innskuddspensjonsloven § 2-3 andre ledd. Departementet foreslår at endringane i skatteloven tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

#### **3.2.2 Gjeldande rett**

Etter skatteloven § 6-46 fjerde ledd vert det gjeve inntektsfrådrag for innbetalte premie for pensjonsordning for sjølvstendig næringsdrivande og deltararar i selskap med deltararfastsetjing som oppfyller vilkår fastsette i innskuddspensjonsloven. Ordninga gjeld òg for tilsett eigar i aksjeselskap eller allmennaksjeselskap og for stykkbetalte medarbeidarar. Beløpsgrensa for inntektsfrådrag som vert gjeve for innskot er fastsett til 4 pst. av

utrekna personinntekt frå næring, godtgjersle til deltakar for arbeidsinnsats i selskap med deltakerfastsetjing eller løn mellom 1 G og 12 G, jf. lov om innskuddspensjon § 2-3 andre ledd. Det er den enkelte næringsdrivande m.m. som sjølv avgjer kor mykje som skal sparast innanfor den gitte grensa.

### 3.2.3 Vurderingar og framlegg

For tilsette er det mogleg å spare inntil 7 pst. av løn opp til 7,1 G, og med eit tilleggsinnskot på 18,1 pst. av løn mellom 7,1 G og 12 G i skattefavorisert tenestepensjonsordning. Tenestepensjonsordningane er kollektive ordningar med krav om at dei tilsette skal behandlast likt. Dei tilsette kan ikkje reservere seg mot medlemskap, og arbeidsgjevar fastset sparenivået for dei tilsette. Innskotsordningar for næringsdrivande m.m. har meir form av ei individuell pensjonssparing, fordi det er den enkelte næringsdrivande m.m. som sjølv avgjer kor mykje av eiga inntekt som skal sparast til eigen pensjon.

Regjeringa meiner næringsdrivande m.m. bør ha betre moglegheit til skattefavorisert pensjonsparing. Regjeringa foreslår å auke grensa frå 4 pst. til 6 pst. av berekna personinntekt frå næring mellom 1 og 12 G. Næringsdrivande m.m. vil i tillegg kunne spare i den nye ordninga for skattefavorisert individuell sparing til pensjon, jf. punkt 3.1.

Departementet foreslår òg opprettingar slik at «deltakerlignet selskap» blir endra til «selskap med deltakerfastsetting», jf. punkt 16.3.

Det vert vist til framlegg om endring i innskuddspensjonsloven § 2-3 andre ledd.

### 3.2.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Provenyverknaden av å auke grensa frå 4 pst. til 6 pst. avheng av i kor stor grad dei næringsdrivande m.m. aukar innskotet til ordninga etter endringa. I innføringsåret vert det eit provenytap fordi frådraget i inntekt aukar når innskota aukar. Over tid vil det òg verte eit provenytap fordi midla i ordninga er unнатekne frå formuesskatt og skatt på laupande inntekt. På den andre sida vert utbetalingar frå ordninga skattlagde som pensjonsinntekt. Departementet anslår på usikkert grunnlag at framlegget vil redusere provenyet med om lag 150 mill. kroner påløpt og 80 mill. kroner bokført i 2017.

Framlegget har ikkje nemneverdige administrative konsekvensar.

### 3.2.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

## 4 Skattelette til pensjonistar

### 4.1 Innleiing og samandrag

Regjeringa ynskjer at pensjonistar skal ha ei god inntekt å leve av. Regjeringa har auka grunnpen- sjonen til gifte og sambuande og auka minstepen- sjonen for einslege. Auka grunnpensjon til gifte og sambuande og auka minstepensjon for einslege bidreg til at minstepensjonistane får ei årleg auking i alderspensjon i 2017 som er høgare enn anslått prisvekst. Pensjonistane har i tillegg fått ei skattelette på om lag 2,5 mrd. kroner under denne regjeringa. Skatteletta utgjer om lag 3 000 kroner i gjennomsnitt per person. Om lag 80 pst. av dette er letter i formucesskatten. No ynskjer regjeringa å gje ei lette i inntektskatten for alder- spensjonistar. Regjeringa foreslår å auke satsen i minstefrådraget for pensjon med 2 prosenteiningar (frå 29 pst. til 31 pst.) og å auke øvre grense frå 75 000 kroner til 81 200 kroner. Skatteletta vil betre inntektsutviklinga for pensjonistar, ei utvik- ling som har vore god sett over ein lenger periode, sjølv om einskilde av pensjonistane, som mange andre grupper, har fått ein nedgang i realinntekta dei siste åra.

Departementet anslår at provenytapet ved å auke minstefrådraget er om lag 840 mill. kroner påløpt og 170 mill. kroner bokført i 2017.

Departementet viser til endringar i skatteloven § 6-32 fyrste ledd bokstav b og Stortingets skat- vedtak for 2017 § 6-1 andre ledd, og foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

### 4.2 Gjeldande rett

Alderspensjonistar vert i utgangspunktet skatt- lagde likt med andre personlege skattytarar. Vik- tige unntak fører likevel til at alderspensjonistar betaler mindre skatt enn lønstakrarar. Trygdeavgifta på pensjon er lågare enn på løn. Satsane er 5,1 pst. på pensjon og 8,2 pst. på løn, jf. Stortings- vedtaket om avgifter til folketrygden for 2017. Det vert gjeve eit særskilt skattefrådrag for alderspen- sjonistar, jf. skatteloven § 16-1 og Stortingets skat- vedtak for 2017 § 6-5. Frådraget medfører at det

ikkje vert betalt skatt av ein pensjon tilsvarande minstepensjonsnivå. Over dette nivået vert det betalt mindre skatt av pensjon enn av løn. Frådra- get vert gradvis minka mot pensjonsinntekt over minstepensjon, slik at differansen mellom skatt på pensjon og løn vert mindre når pensjonsinntekta aukar. I 2017 utgjer skattefrådraget maksimalt 29 940 kroner og vert gradvis minka med ein sats på 15,3 pst. av pensjonsinntekt mellom 188 700 og 284 350 kroner, og med ein sats på 6 pst. av pen- sjonsinntekt på 284 350 kroner eller høgare. Min- stefrådraget er derimot noko lågare i pensjonsinntekt enn i løn. Minstefrådrag i pensjonsinntekt vert gjeve med 29 pst., men maksimalt 75 000 kro- ner, medan det i lønsinntekt vert gjeve med 44 pst. og maksimalt 94 750 kroner, jf. skatteloven § 6-32 og Stortingets skattevedtak for 2017 § 6-1.

### 4.3 Vurderingar og framlegg

Regjeringa ynskjer å gje ei skattelette først og fremst til personar med pensjon som hovudinntekt. Regjeringa foreslår å auke satsen i minstefrå- draget for pensjon med 2 prosenteiningar (frå 29 pst. til 31 pst.) og å auke øvre grense frå 75 000 kroner til 81 200 kroner. Ein auke i både satsen og øvre grense i minstefrådraget for pensjonsinntekt vil gje ei skattelette til alle pensjonistar som beta- ler skatt av pensjonen (dei som har ei pensjonsinntekt over om lag 190 500 kroner), og som ikkje har betydeleg lønsinntekt. Dei som allereie har minstefrådrag tilsvarande øvre grense for løn, vil ikkje få skattelette.

Det vert vist til framlegg til endringar i skat- teloven § 6-32 fyrste ledd bokstav b og Stortingets skat- vedtak for 2017 § 6-1 andre ledd.

### 4.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Provenytapet ved å auke minstefrådraget er anslått til om lag 840 mill. kroner påløpt og 170 mill. kroner bokført i 2017. Den bokførte verknaden er lågare enn dersom endringa hadde vorte

vedteken i samband med statsbudsjettet for 2017. Det kjem av at ein stor del av dei som får endra skatt, truleg ikkje vil endre skattekortet. Endringa vil dermed påverke forskotstrekket i mindre grad enn dersom ho hadde vorte vedteken før skattekortet for 2017 vart skrivne ut i desember 2016.

Framlegget har ikkje nemneverdige administrative konsekvensar.

#### **4.5 Iverksetjing**

---

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

## 5 Endringar i samband med reglar om verdsetjingsrabatt i formuesskatten

### 5.1 Innleiing

Som ein del av forliket om skattereform bad eit fleirtal på Stortinget regjeringa om å innføre ein verdsetjingsrabatt i formuesskatten på 20 pst. for aksjar og driftsmiddel og tilhøyrande gjeld innan 2018. Det er i den samanhengen innført ein verdsetjingsrabatt på 10 pst. for aksjar og driftsmiddel m.m. og ein tilsvarende reduksjon av frådraget for gjeld for 2017, sjå Prop. 1 LS (2016–2017). Rabatten skal etter planen aukast til 20 pst. i 2018. Vidare var det under budsjettforhandlingane semje om at verdsetjingsrabatten for sekundær bustader skulle reduserast frå 20 pst. til 10 pst.

Nokre av reglane som har samanheng med ovannemnde har ikkje vorte vedteke i tråd med intensjonen. Departementet foreslår at desse reglane vert endra i tråd med intensjonane i Prop. 1 LS (2016–2017) og Innst. 4 L (2016–2017). Departementet viser til framlegg til endring av skatteloven § 4-10 andre ledd, nytt sjuande ledd i skatteloven § 4-12, og endring av skatteloven § 4-19 tredje ledd.

Endringane vil sikre det provenyet som vart lagt til grunn i statsbudsjettet for 2017. Det er difor ikkje grunnlag for å budsjetttere med provenyverknader av framlegget.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

### 5.2 Vurderingar og framlegg

#### Næringleidedom i ikkje-børsnoterte aksjeselskap

Næringleidedom skal generelt sett verdsetjast til 80 pst. av berekna utleigeverdi. Dette gjeld også næringleidedom i ikkje-børsnoterte aksjeselskap. Det var ikkje formålet med den nye verdsetjingsrabatten for aksjar og driftsmiddel m.m. at næringleidomar skal vere gjenstand for to rabattar samstundes, det vil seie både på aksjeverdien og ved fastsetjinga av aksjeselskapet sitt formuesskattegrunnnlag. I utgangspunktet er det

difor i tråd med framlegget at den generelle rabatten for næringleidedom vert oppheva for slik eigedom i ikkje-børsnoterte selskap. For å unngå auka formuesverdi i 2017, før heile rabatten er fasa inn, vart det foreslått å oppretthalde ein samla rabatt på 20 pst. på slike eigedomar, når ein tek omsyn til den nye verdsetjingsrabatten på 10 pst. Dette skulle gjerast ved å verdsetje næringleidedom til 89 pst. ved fastsetjinga av selskapet sitt formuesskattegrunnnlag og i tillegg gje 10 pst. rabatt på aksjane. Samla rabatt for næringleidedom eigd gjennom ikkje-børsnoterte aksjeselskap skulle då verte 20 pst., jf. Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 4.13 og Innst. 4 L (2016–2017) kapittel 4.

Framlegget til ein slik regel vart vedteke i Stortinget 20. desember 2016 som skatteloven § 4-12 nytt sjuande ledd med verknad frå og med inntektsåret 2016. Gjennom ei endring av skatteforvaltningsloven same dag vart likevel regelen utilsikta oppheva med verknad frå og med inntektsåret 2017. Departementet fremjar framlegget på nytt i denne proposisjonen.

Departementet viser til framlegg til nytt sjuande ledd i skatteloven § 4-12.

#### Redusert verdsetjing av gjeld

I samband med den nye verdsetjingsrabatten for aksjar og driftsmiddel m.m. vart det vedteke ein regel i skatteloven § 4-19 om ein tilsvarende reduksjon i frådraget for gjeld.

Regelen angjev i fyrste ledd kva for eigedelar som skal gje grunnlag for redusert verdsetjing av gjeld. Dette gjeld næringleidedom og sekundær bustad samt eigedelane som er gjenstand for den nye verdsetjingsrabatten for aksjar og driftsmiddel m.m. Det fylgjer av andre ledd at reduksjonen skal gjerast ut frå forholdet mellom verdien på eigedelen med verdsetjingsrabatt og verdien av dei samla eigedelane. For at berekninga skal gje eit så riktig bilet som mogleg av forholdet mellom verdien av eigedelen med rabatt og verdien av dei samla eigedelane, bør eigedelane verdsetjast til full verdi. Det vil seie utan frådrag for rabatt.

Tredje ledd fastset difor at egedelane skal medrekna til «full verdi, uten prosentvis reduksjon etter dette kapittel».

Departementet ser at det ut i frå ordlyden i skatteloven § 4-19 tredje ledd kan vere uklårt om «eiendelene» i tredje ledd berre refererer til dei egedelane som etter første ledd gjev grunnlag for redusert verdsetjing av gjeld. Spørsmålet kan ha stor betyding for berekninga av reduksjonen, særleg fordi primærbustader ikkje gjev grunnlag for reduksjon.

For at berekninga av gjeldsreduksjonen skal verte så riktig som mogleg bør alle egedelane, og ikkje berre dei som gjev grunnlag for reduksjon, medrekna til full verdi. Administrative omsyn tilseier likevel at egedelane som hovudregel skal medrekna med det beløpet som er lagt til grunn i formuesskattegrunnlaget, og at det ikkje skal vere naudsynt å gjere ei eiga berekning av verdien av ein egedel berre av omsyn til regelen om gjeldsreduksjon. I Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 4.1.3 er det uttala følgjande om kva for egedelar som skal medrekna til full verdi:

«For at sjablongen skal bli riktigst mulig, må beregningen baseres på formuesverdier uten formelle verdettingsrabatter. Det vil også si at aksjer og driftsmidler skal medregnes uten rabatten som foreslås i denne proposisjonen. Videre skal primærboliger, sekundærboliger og næringseiendom medregnes til 100 pst. av den beregnede markedsverdien, jf. skatteloven § 4-10, og ikke til bare henholdsvis 25, 80 og 80 pst. Våningshus på gårdsbruk verdsettes under ett med gårdsbruket, jf. skatteloven § 4-11.»

Under behandlinga på Stortinget vart framleggget støtta av eit fleirtal av komiteen, sjå Innst. 4 L (2016–2017) kapittel 4. Departementet foreslår at ordlyden i skatteloven § 4-19 vert endra slik at det kjem klårt fram at det er egedelane som er nemnde ovanfor som skal medrekna utan prosentvis reduksjon. Det vil til dømes seie at primærbustader skal medrekna utan prosentvis reduksjon og at fritidsbustader skal medrekna med det beløpet som er lagt til grunn i formuesskattegrunnlaget.

Departementet viser til framlegg til endring av skatteloven § 4-19 tredje ledd.

#### *Sekundærbustader*

Under forhandlingane om statsbudsjettet for 2017 vart eit fleirtal samde om at verdettingsrabatten på sekundærbustader i formuesskatten skulle reduserast frå 20 pst. til 10 pst. Sjå Innst. 4 L (2016–2017) kapittel 4.

Ved ein feil vart ikkje endringa votert over på Stortinget. Departementet foreslår at endringa vert fremja på nytt i denne proposisjonen.

Departementet viser til framlegg til endring av skatteloven § 4-10 andre ledd.

### **5.3 Iverksetjing**

---

Departementet gjer framlegg om at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

## **6 Skattefritak for inntekter frå Statens pensjonsfond utland sine investeringar i unotert eigedom m.m.**

### **6.1 Innleiing og samandrag**

Noregs Bank vurderer å flytte holdingstruktur for delar av investeringane i unotert eigedom i Statens pensjonsfond utland (SPU) heim til Noreg. Framtidige holdingstrukturar blir tilsvarende vurdert lagde til Noreg. Noregs Bank er friteken for skatt, men datterselskap av Noregs Bank som høyrer heime i Noreg blir i utgangspunktet skattepliktige hit.

Det er viktig at det er enkelt å samanlikne den gevinsten ein reknar med å få frå investeringar i unotert eigedom med den gevinsten ein alternativt kan skaffe seg ved investering i noterte aksjar og obligasjonar. Det er også viktig å unngå administrasjon med å føre skatt attende til SPU. Difor foreslår departementet at norske selskap som er direkte eller indirekte eigde fullt ut av Noregs Bank, skal vere fritekne for skatt på passive inntekter frå investeringar etter lov om Statens pensjonsfond. Framlegget vil ikkje ha verknader for investeringane i noterte aksjar og obligasjonar.

Framlegget vil ikkje ha provenyverknader. Det vert vist til framlegg om ny § 2-40 i skatteloven. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017.

Departementet viser dessutan til omtalar i fondsmeldingane for 2015 og 2016 (Meld. St. 23 (2015–2016) Forvaltningen av Statens pensjonsfond i 2015 og Meld. St. 26 (2016–2017) Forvaltningen av Statens pensjonsfond 2016) av Noregs Bank sine vurderingar av ei eventuell flytting av holdingstrukturen for investeringar i unotert eigedom til Noreg.

### **6.2 Gjeldande rett**

Aksjeselskap og andre sjølvstendige innretningar som høyrer heime i Noreg er skattepliktige hit, jf. skatteloven § 2-2 første ledd. Noregs Bank er eit eige rettssubjekt, som er eigd av staten, jf. § 2 i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. Etter skat-

teloven § 2-30 første ledd bokstav e nr. 1 er Noregs Bank friteken for skatt. Andre statseigde selskap er skattepliktige dersom det ikkje er gjevne føresegner om noko anna. Eit datterselskap av Noregs Bank vil difor etter gjeldande reglar verte skattepliktig på same vis som andre aksjeselskap.

### **6.3 Departementet sine vurderingar**

Noregs Bank vurderer å flytte strukturen for eigarselskap for delar av investeringane i unotert eigedom i Statens pensjonsfond utland (SPU) heim til Noreg samt å leggje framtidige strukturar for eigarselskap til nye investeringar i nye marknader til Noreg. Formålet er særleg å forenkle styring og kontroll av investeringane i unotert eigedom. Etablering av ein norsk holdingstruktur vil leggje til rette for ein god og oversiktleg rapporteringsstruktur internt, og vil vere meir i tråd med Noregs Bank sin sentraliserte styringsmodell der viktige avgjerder i forvaltinga av SPU vert tekne i Noreg. Etablering av ein norsk struktur for eigarselskapa for desse investeringane vil ikkje røre ved den overordna styringsmodellen for SPU. Ei eventuell flytting vil føre til at ein opprettar eitt eller fleire norske datterselskap av Noregs Bank. Slike selskap vil etter gjeldande rett vere skattepliktige. Skattlegging kan verte avgjerande når banken skal samanlikne den gevinsten ein reknar med å få frå unoterte investeringar med den gevinsten ein alternativt kan skaffe seg ved investering i noterte aksjar og obligasjonar, slik føresegnehene i departementet sitt mandat til Noregs Bank for forvaltinga av SPU legg opp til.

Skatt til Noreg på inntekt frå investeringar i SPU ville i røynda vere eit uttak frå fondet på sida av det ordinære uttaket som vert fastsett kvart år av Stortinget. Administrative høve gjer eit skattefritak formålstengt framfor ei ordning der skatt vert ført attende til SPU. Eit skattefritak vil gje ei enkel løysing.

Departementet foreslår difor å endre skatteloven slik at norske selskap som er direkte eller

indirekte eigde fullt ut av Noregs Bank, skal vere fritekne for skatt på inntekter frå investeringar etter lov om Statens pensjonsfond.

Inntekter frå investeringar i utlandet eller døtrer oppretta i ein annan jurisdiksjon kan verte skattlagde i utlandet. Mange av skatteavtalane Noreg har med andre statar, inneholder særskilde føresegnere som gjev SPU skattefritak eller redusert skattesats der den norske staten er den verkelege rettshavaren («beneficial owner») av inntektene. I hovudsak er den verkelege rettshavaren den som kan råde over inntekta. Dette vert vurdert uavhengig av den formelle inntektsstraumen. Det kan oppstå tilfelle der dei særskilte skatteavtaleføresegnene ikkje kan brukast av dei nye selskapa. Difor bør fritaket i skatteloven formast slik at også datterselskapa kan få eigne rettar som busette i Noreg etter Noreg sine skatteavtalar. Det inneber at datterselskapa ikkje bør få eit generelt fritak for skatt på inntekt, slik som Noregs Bank har i dag.

Departementet gjer merksam på at rettar som busett etter skatteavtalane og fritak frå kildeskattar etter ein skatteavtale, også vert vurderte på sjølvstendig grunnlag av den andre avtalestaten.

Fritaket bør ikkje avgrensast til inntekter frå unoterte investeringar i eigedom. Ved ei mogleg utviding av investeringsuniverset for SPU i framtidia til å omfatte til dømes unotert infrastruktur, vil eit meir generelt skattefritak føre til at Noregs Bank kan legge opp ei høveleg organisering av denne forvaltninga utan omsyn til norsk skatt, og utan at ein må gå vegen om ei ny lovendring. Fritaket bør vidare formast generelt når det gjeld kva slags inntekt som skal vere omfatta. Skattefritaket skal likevel berre gjelde for inntekt som er knytt til eigarskap, det vil seie kapitalinntekt. Dei aktuelle selskapa vil i hovudsak ha passiv eigarinntekt i form av utbytte, gevinst, renter og inntekter frå

selskap med deltarfastsetting og NOKUS-selskap. I departementet sitt framlegg om ny skatteleven § 2-40 er skattefritaket difor positivt avgrensa til «inntekt fra kapital» etter lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond § 2 andre ledd andre punktum, det vil seie passiv inntekt frå SPU sine investeringar slik som utbytte, gevinst, renter, valutagevinstar og inntekter frå selskap med deltarfastsetjing og NOKUS-selskap. Anna inntekt, til dømes inntekt frå yting av tenester eller andre aktive inntekter, skal vere skattepliktige på vanleg vis.

Eit generelt prinsipp i norsk skatterett er at ein ikkje kan krevje frådrag for kostnader som ikkje er knytte til skattepliktige inntekter. Dette vil òg gjelde for kostnader som gjeld skattefrie inntekter i datterselskap av Noregs Bank.

Det vert vist til framlegg om ny § 2-40 i skatteleven.

## 6.4 Administrative og økonomiske konsekvensar

Skattelovendringa vil ikkje ha nemneverdige administrative konsekvensar. Ettersom den aktuelle strukturen som eventuelt skal flyttast heim til Noreg ikkje vert skattlagd i Noreg i dag, vil framleget ikkje ha provenyverknader.

## 6.5 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med 2017. Dette vil gjere det mogleg for Noregs Bank å ta omsyn til denne føresetnaden i si vurdering og oppfylging av ei mogleg reorganisering av enkelte strukturar for eigarselskap alt i 2017.

## 7 Skogvern – skog i selskap med deltarfastsetjing

Frå 2005 har gevinst ved realisasjon av skog i samband med skogvern vore friteken for skattlegging. Skogbruk i sameige skal fylgje reglane for selskap med deltarfastsetjing. Hovudregelen er at utdeling av kapital frå selskap til deltar er skattepliktig på deltakaren si hand som utdeling. Frå 2017 er det gjeve reglar om at slik vidare utdeling av gevinst ved skogvernerstatningar frå eit selskap med deltarfastsetjing skal vere friteken frå skattlegging på deltakaren si hand.

Dette nye skattefritaket for gevinst ved utdeling til deltarar av erstatning ved skogvern tok til å gjelde først frå 2017. I samband med behandlinga av Skogmeldinga, Meld. St. 6 (2016–2017), uttalte næringskomiteen at ein meiner det er riktig at skattefritaket skal gjelde for alle, også for dei som tidlegare har stilt opp med område til frivillig vern, og at det har vore Stortinget si mening frå starten av at slike erstatningar vert skattefrie.

Komiteen ber regjeringa om å kome attende med framlegg til løysing i revidert nasjonalbudsjett.

Staten ved Skattedirektoratet har i inneverande år inngått forlik i tingretten om skattelem ping etter lov 27. mai 2016 nr. 4 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven) § 9-9 i ei sak der deltararane i eit skogsameige hadde vorte skattlagde for utdeling av skogvernerstatning. Etter forliket skal ikkje Skatteetaten skattleggje deltarane for slik utdeling.

Også liknande saker frå før 2017 som seinare måtte kome opp, vil Skattedirektoratet behandle på den same måten. Departementet meiner det er eit betre alternativ enn lovendring, som kan få verknad for tilfelle attende heilt til 2005. Dessutan er det grunn til å rekne med at det ikkje er særleg mange saker der deltararar har vore skatta for utdelingar i samband med skogvern.

## 8 Produktavgift på fyrstehandsomsetning av fisk

Av næringsinntekt skal det normalt svarast 11,4 pst. trygdeavgift. Fiskarar betaler ei trygdeavgift på 8,2 pst. Mellomlegget opp til 11,4 pst. vert dekt av ei særskild produktavgift. Produktavgifta skal, forutan å dekkje mellomlegget i trygdeavgifta, også dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskade-trygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntalsførte fiskarar og utgifter i samband med stønad til arbeidsledige i næringa. Det skal svarast produktavgift av all fangst frå norskregistererte fartøy. I statsbudsjettet for 2017 vart det vedteke å setje produktavgifta til 2,3 pst. for 2017.

Produktavgifta vert rekna ut på bakgrunn av innhenta prognosar for komande års fyrstehandsverdi av all fangst, om lag 5 månader før kalenderåret startar. Uvisse i prognosane gjer det vanskelig å fastsetje ein riktig sats. Ved endring i grunnlaget for utrekninga kan det vere aktuelt å endre avgiftssatsen i samband med revidert nasjonal-

budsjett. I brev av 27. mars 2017 tilrår Nærings- og fiskeridepartementet at satsen vert justert ned til 2,2 pst. frå og med 1. juli 2017. Tilrådinga er basert på reviderte anslag for fyrstehandsverdien og pensjonsgjevande inntekt samt forventa utgifter i ordningane som produktavgifta er meint å dekkje. Framlegget om å redusere produktavgifta med 0,1 prosenteiningar har først og fremst samanheng med at ein reknar med at fyrstehandsverdien i 2017 vil auke.

Departementet gjer framlegg om å redusere produktavgifta til 2,2 pst., i tråd med framlegg og berekningar frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet viser til framlegg til vedtak om endring i Stortinget sitt vedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri, kval- og selfangstnæringa for 2017. Endringa tek til å gjelde frå og med 1. juli 2017.

## 9 Eingongsavgift for motorsyklar

I budsjettet for 2017 vart det varsle ei endring av eingongsavgifta for motorsyklar etter modell av endringane for personbilar. Vidare gjorde Stortinget i behandlinga av statsbudsjettet for 2017 følgjande oppmodingsvedtak (vedtak 108 nr. 4):

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om miljødifferensiering av engangsavgiften på motorsykler etter modell av omleggingen i engangsavgiften for personbiler så snart det er mulig.»

For motorsyklar er eingongsavgifta basert på slagvolum og motoreffekt i tillegg til ei stykkavgift. Slagvolumavgifta gjeld for motorsyklar med slagvolum over 125 cm<sup>3</sup> og med ein høgare sats for dei med slagvolum over 900 cm<sup>3</sup>. Effektavgifta gjeld for motorsyklar med motoreffekt over 11 kW, medan stykkavgifta i 2017 er på 8 254 kroner per sykkel. Innrettinga inneber at eingongsavgifta for lette motorsyklar berre er stykkavgifta, medan tunge motorsyklar òg har avgift på effekt og slagvolum.

Eingongsavgifta for personbilar er frå 2006 og fram til i dag endra frå ei avgift på vekt, slagvolum og motoreffekt til ei avgift på vekt og utslepp av CO<sub>2</sub> og NO<sub>X</sub>. For å legge avgift på utslepp òg for motorsyklar må slike opplysningar vere i typegodkjennings- og liggje inne i motorvognregisteret. Hittil har ikkje slike opplysningar vorte registrerte for motorsyklar. Dette er no endra slik at nye motorsykkelfordemellar må ha opplysningar om utslepp av CO<sub>2</sub> og NO<sub>X</sub> i typegodkjennings. Framleis har mange av dei nye motorsyklane som vert registrerte, gamle typegodkjennings utan utsleppsverdiar. Ifylgje Vegdirektoratet er det venta at delen nye motorsyklar med registrert utsleppsinformasjon vil auke i laupet av 2017, og at dei fleste nye motorsyklar vil ha utsleppsinformasjon i 2018.

Departementet gjer framlegg om å innføre ein progressiv avgiftskomponent for CO<sub>2</sub>-utslepp for motorsyklar med registrerte CO<sub>2</sub>-utslepp. Fram-

legget inneber ei avgift på utslepp av CO<sub>2</sub> med ein sats på 630 kroner per gram CO<sub>2</sub> per km for utslepp over 75 gram og 800 kroner per gram over 140 gram. Samstundes foreslår departementet å fjerne effektkomponenten og stykkavgifta for desse syklane.

Motorsyklar som vert registrerte utan CO<sub>2</sub>-utslepp skal framleis betale avgift etter reglane som gjeld no. Eit slikt dobbelt system gjeld i dag for personbilar utan registrerte CO<sub>2</sub>-utslepp, der avgifta i staden vert berekna ut frå slagvolum. Dette har særleg vore aktuelt for bilar som er importerte brukte.

Kvaliteten på opplysningane som vert registrerte om NO<sub>X</sub>-utslepp, er ifylgje Vegdirektoratet ikkje eigna som grunnlag for avgiftslegging, mellom anna fordi dette utsleppet ikkje er tilstrekkeleg konsistent innmeldt frå fabrikantane. Departementet foreslår difor ikkje no avgift på NO<sub>X</sub>.

Framlegget vil innebere at motorsyklar med høge registrerte CO<sub>2</sub>-utslepp relativt til effekt vil få høgare avgift samanlikna med i dag medan syklar med låge CO<sub>2</sub>-utslepp relativt til effekt vil få lågare avgift. Av motorsyklane med registrert utsleppsinformasjon får syklane med høgast utslepp størst auke i avgifta. Endringane vil gje insentiv til å velje motorsyklar med lågare CO<sub>2</sub>-utslepp. Framlegget inneber at eingongsavgifta fell bort for lette motorsyklar som har lågare utslepp enn 75 gram CO<sub>2</sub> per km.

Endringane er utrekna på grunnlag av informasjon om motorsyklar som er registrerte med utsleppsinformasjon i 1. kvartal 2017. Endringane er anslatte å vere om lag provenynøytrale. Sidan anslaga er baserte på eit utval av motorsyklar, er samla provenyendring særskild usikker.

Departementet viser til framlegg om endring i Stortingets vedtak om avgift på motorvogner mv. A Engangsavgift for budsjetterminen 2017. Endringane vil gjelde for eingongsavgift for motorsyklar som vert registrerte frå og med 1. juli 2017.

## 10 Eingongsavgift for ladbare hybridbilar

I behandlinga av statsbudsjettet for 2017 gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak (vedtak 108 nr. 12):

«Stortinget ber regjeringen så snart det er mulig, og helst i revidert nasjonalbudsjett 2017, legge frem forslag til endring i engangsavgiften som innebærer at ladbare hybrider med lang elektrisk rekkevidde kommer bedre ut enn biler med kort elektrisk rekkevidde.»

Eingongsavgifta for ladbare hybridbilar er låg samanlikna med andre liknande bilar. Årsaka er både at eingongsavgifta favoriserer bilar med låge CO<sub>2</sub>-utslepp, og at ladbare hybridbilar har eit særskild frådrag i vektkomponenten på 26 pst. av vekta det vert rekna avgift på. Frådraget har samanheng med at hybridbilar har høgare vekt grunna at dei har elmotor og batteri i tillegg til fossilt motorsystem. Frådraget i vektkomponenten var i utgangspunktet meint å svare til vekta til batteri og elmotor. Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2015 vart frådraget auka frå 15 til 26 pst.

Salet av hybridbilar, og ladbare hybridbilar spesielt, har auka mykje dei siste åra. Frå 2015 til 2016 auka ladbare hybridbilar som del av nybilsalset frå 5 til 13 pst. Dei fire første månedane i 2017 er delen 16 pst.

Eit framlegg om å premiere ladbare hybridbilar med lang elektrisk rekkevidde vart vurdert i budsjettet for 2016, sjå Prop. 1 LS (2015–2016) Skatter, avgifter og toll 2016 punkt 9.4.2 for næraare omtale. Det vart då ikkje vurdert som formålstenleg å innføre slik premiering. Vurderinga til departementet var mellom anna grungjeven med at elektrisk rekkevidde ikkje var eigna som kriterium for avgrensing av avgift. Vidare var innføring av ei ny særordning for ladbare hybridbilar

ikkje i tråd med målet om teknologinøytral utvikling av bilavgifter over tid, sjå Meld. St. 2 (2014–2015) Revidert nasjonalbudsjett 2015 punkt 4.2.2.

Skattedirektoratet har greidd ut rettslege og praktiske sider ved å fylgje opp oppmodingsvedtaket om å differensiere eingongsavgifta for ladbare hybridbilar etter elektrisk rekkevidde. Motorvognregisteret til Statens vegvesen er kjelda til opplysningar som vert nyttå av Skatteetaten til fastsetjing av eingongsavgifta. For å nytte elektrisk rekkevidde som avgiftsgrunnlag er det ein føresetnad at slik informasjon vert lagd inn i systema til Statens vegvesen og Skatteetaten. Statens vegvesen har opplyst at det ikkje ligg inne opplysningar om den elektriske rekkevidda til ladbare hybridbilar i motorvognregisteret, og at det vil vere naudsynt med eit halvt år for å gjere systemendringar om ein vil legge inn slik informasjon. Det er òg naudsynt med tilpassingar i Skatteetaten sitt system for å fastsetje avgifter. Behovet for systemendringar inneber at eingongsavgifta ikkje kan differensierast etter elektrisk rekkevidde allereie frå 1. juli 2017.

Nye reglar for måling av avgassar frå person- og varebilar og ny køyresyklus som gjev meir realistiske utsleppsverdiar enn gjeldande køyresyklus vert omtala i kapittel 11. Ny køyresyklus vil òg ha innverknad på elektrisk køyrelengde i typegodkjenningane og er difor eit kompliserande element for innføring av differensiering av avgifta etter elektrisk rekkevidde. Det er førebels ikkje tilgjengeleg konkret informasjon om endringane i elektrisk køyrelengde, men med ny køyresyklus vil den registrerte elektriske køyrelengda ventleg verte kortare.

Departementet vil kome tilbake til saka og oppfølging av oppmodingsvedtaket i 2018-budsjettet.

## 11 Eingongsavgift – innføring av ny køyresyklus

Eingongsavgifta for person- og varebilar vert i dag berekna på bakgrunn av vekt og utslepp av CO<sub>2</sub> og NO<sub>X</sub>. EU er i gang med å innføre nye reglar for måling av avgassar som skal nyttast ved typegodkjenninng av nye person- og varebilar. Mellom anna vert det innført ein ny køyresyklus (Worldwide harmonized Light vehicles Test Procedure (WLTP)) som gjev meir realistiske utsleppsverdiar enn den gjeldande (New European Driving Cycle (NEDC)). Dette får betydning for eingongsavgifta.

Dei nye reglane vert fasa inn gradvis. Frå 1. september 2017 skal WLTP nyttast ved alle nye typegodkjenninngar av personbilar, medan personbilar som er typegodkjende før denne datoien vil vere målte etter NEDC. Frå 1. september 2018 skal alle nye personbilar vere målte etter WLTP. For varebilar er tidspunkta flytta eitt år fram. Fram til 2021 vil det òg verte fastsett CO<sub>2</sub>-utslepp etter NEDC for bilar som er typegodkjende etter 1. september 2017.

Ifylgje Vegdirektoratet gjev måling av CO<sub>2</sub>-utslepp etter WLTP rundt 10 pst. høgare verdiar enn målt etter NEDC. Det er ingen fast samanheng, og forskjellane varierer frå bilmodell til bilmodell. Departementet har ikkje tilgjengeleg datagrunnlag til å seie noko nærrare om samanhengen. Førebelse testar viser òg høgare NO<sub>X</sub>-utslepp målt etter WLTP enn NEDC, men auken ligg i gjennomsnitt lågare enn auken for CO<sub>2</sub>. Dei tillatne grenseverdiane for utslepp av

NO<sub>X</sub> vert ikkje endra med WLTP, og den nye målemetoden betyr difor i praksis ei skjerping av maksimalverdiane.

Fram til 2019 vil ein stor del av dei køyretøya som vert registrerte, ikkje ha utslepp målte etter WLTP. Utsleppsverdiane etter WLTP og NEDC er ulike, og kan ikkje utan vidare nyttast om kvarandre ved berekninga av CO<sub>2</sub>- og NO<sub>X</sub>-komponentane i eingongsavgifta. Det vil i fall favorisere køyretøy som vert registrerte på utgåande typegodkjenninngar. Forskjellen vil i enkelte høve verte stor.

Som ei praktisk løysing legg departementet til grunn at CO<sub>2</sub>-utslepp målte etter NEDC inntil vidare vert nyttta for alle køyretøy. Dette vil verte presisert i forskrift eller instruks. Det vert lagt opp til at utsleppsverdiar målt etter ny køyresyklus vil ligge til grunn for berekning av CO<sub>2</sub>-komponenten fra 2019.

Det vil ikkje verte fastsett NO<sub>X</sub>-utslepp etter NEDC for køyretøy som er typegodkjende etter 1. september 2017. Ved berekninga av eingongsavgifta vil difor den verdien som er tilgjengeleg, måtte nyttast. Dette inneber at NO<sub>X</sub>-utslepp målte etter ny køyresyklus vert lagde til grunn for køyretøy som er typegodkjende etter 1. september 2017. Det vil i gjennomsnitt gje ei lita skjerping av avgifta. NO<sub>X</sub>-komponenten utgjer ein liten del av avgifta, og forskjellane i avgift grunna måling etter ulik køyresyklus vil vere tilsvarande små.

## 12 Vegbruksavgift på naturgass

Ved behandlinga av revidert statsbudsjett for 2016 vart vegbruksavgifta på naturgass redusert frå 5,96 kroner per Sm<sup>3</sup> til null, jf. Innst. 400 S (2015–2016) s. 12. Stortinget gjorde samstundes fylgjande oppmodingsvedtak nr. 1002 (2015–2016):

«Stortinget ber regjeringen påse at midlertidig ordning for 2016 med kr 0,00 i sats for veibruksavgift for naturgass (LNG) opphører i 2017 ved snarest mulig å utarbeide grunnlag for notifisering og iverksette prosessen med ESA, slik at det 1. januar 2017 kan innføres 100 pst. veibruksavgift på LNG i kombinasjon med en overgangsordning med unntak for veibruksavgift på naturgass brukt som supplement som settes til 50 pst. som et første skritt, men nedtrapping mot 0 pst. i 2025.»

Finansdepartementet har i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødeparte-

mentet teke til med prosessen med å notifisere ordninga, og det er sendt over eit utkast til pre-notifikasjon til EFTA sitt overvakingsorgan (ESA). Tilbakemeldingane frå ESA vil vere rettleiande for det vidare arbeidet med saka.

I budsjettet for 2016 viste departementet til at det kan ta noko tid før ein formell notifikasjon er klar og ordninga eventuelt kan setjast i verk. Med tilvising til at ordninga ikkje kunne gjerast gjeldande frå 1. januar 2017, vart det foreslått at Finansdepartementet fekk fullmakt til å setje ordninga i verk saman med auka vegbruksavgift på naturgass, så snart ESA eventuelt har godkjent ordninga. Stortinget slutta seg til dette.

Departementet vil arbeide vidare med så raskt som mogleg å notifisere tiltaket, og vil kome tilbake til saka i 2018-budsjettet. Etter Finansdepartementet si vurdering er saka krevjande, og det er usikkert om ESA kan godkjenne ordninga.

## 13 Oppfylging av finansskatten

### 13.1 Innleiing og samandrag

Frå og med inntektsåret 2017 vart det innført ein finansskatt på løn og overskot i finansiell sektor. Den viktigaste grunnen for innføringa av ein finansskatt er at finansielle tenester er unnateke frå meirverdiavgift, sjá grundigare omtale i Prop. 1 LS (2016–2017) Skatter, avgifter og toll 2017 kapittel 6.

Eitt av elementa i finansskatten er at skatten på alminneleg inntekt vert halden fast på 2016-nivå. Det vil seie at skattesatsen på overskot i finansføretak i 2017 er 25 pst., medan satsen for andre føretak er 24 pst. Som varsla i Prop. 1 LS (2016–2017) foreslår departementet ei endring av konsernbidragsreglane for å motverke tilpassingar i form av flytting av overskot frå finansføretak til andre konsernselskap.

Som utgangspunkt er alle føretak som har tilsette og som utfører finansielle aktivitetar, finansskattepliktige. Føretak med høg grad av meirverdiavgiftspliktig, finansiell aktivitet er unnateke frå finansskatteplikta. Departementet foreslår ei mindre justering av dette unntaket, som inneber at det vert betre samsvar mellom finansskatteplikta og meirverdiavgiftsunntaket for finansielle tenester.

Departementet legg til grunn at framlegga ikkje får provenyverknader i 2017.

I tillegg til desse regelendringane vil departementet fram mot budsjettet for 2018 vurdere moglege endringar i regelverket for å motverke verknadene av uheldige tilpassingar til finansskatten ved bruk av reglane om fellesregistrering i merverdiavgiftsloven.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteloven § 10-2 første ledd fyrste punktum og nytt andre punktum og § 10-3 første ledd nytt andre punktum. Departementet viser vidare til framlegg om endring i Stortingets vedtak om finansskatt på løn for 2017 § 2 tredje ledd. Departementet foreslår at endringane i skatteloven tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017, og at endringa i Stortingets vedtak om finansskatt på løn for 2017 tek til å gjelde straks med verknad for inntektsåret 2017.

### 13.2 Vurderingar og framlegg

#### Konsernbidrag

Etter reglane om konsernbidrag kan eit selskap på visse vilkår krevje frådrag for konsernbidrag det har ytt til andre selskap i same konsern. I slike tilfelle vert konsernbidraget rekna som skattepliktig inntekt hos mottakaren i same inntektsår som gjevardselskapet får frådrag.

I Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 6.3.3 vart det framheva at finansføretak som inngår i konsern med andre føretak som ikkje driv finansiell verksamhet, vil ha ein høgare skattesats enn andre føretak i konsernet. Der vart det uttala:

«Finansføretak som inngår i konsern med føretak som ikke driver finansiell virksomhet, vil ha en høyere skattesats enn andre føretak i konsernet. Det kan gi incentiver til å overføre overskudd fra finansføretaket til andre konsernselskap etter reglene om konsernbidrag. Konsernet kan på denne måten oppnå at overskudd fra finansiell virksomhet ikke skattlegges med satsen på 25 pst. som gjelder for finansføretak, men med den lavere satsen på 24 pst. på alminnelig inntekt.

Departementet vil vurdere om det er behov for endringer i reglene om konsernbidrag for å motvirke slike tilpasninger, og komme tilbake til eventuelle endringsforslag senere.»

For å motverke slike tilpassingar foreslår departementet å endre reglane om konsernbidrag. Departementet foreslår at finansføretak som yter konsernbidrag til føretak som ikkje er finansskattepliktige, får redusert frådraget for konsernbidrag med ein faktor tilsvarende satsen på alminneleg inntekt delt på satsen for finansskattepliktige føretak. Det inneber at konsernbidraget vert skattlagt med den ordinære satsen på alminneleg inntekt hos mottakaren, medan finansskatteelementet vert skattlagt hos finansføretaket.

Det kan også ytast konsernbidrag frå selskap som ikkje er finansskattepliktige til finansføretak. I slike tilfelle vil overskot frå ikkje-finansiell verk-

semd etter gjeldande reglar verte skattlagt med satsen for finansføretak. Departementet foreslår å korrigere også for dette. I slike tilfelle foreslår departementet at konsernbidraget vert justert ned med ein faktor tilsvarende satsen på alminneleg inntekt delt på satsen for finansskattepliktige føretak, før det vert inntektsført hos finansføretaket. På den måten vert konsernbidraget skattlagt med den ordinære satsen på alminneleg inntekt.

Endringa vil sikre det provenyet ifrå finansskatten som vart lagt til grunn i statsbudsjettet for 2017. Det er difor ikkje grunnlag for å budsjettere med provenyverknader av framleggget.

Departementet viser til framlegg om endring i skatteloven § 10-2 fyrste ledd fyrste punktum og nytt andre punktum og § 10-3 fyrste ledd nytt andre punktum.

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017. Det inneber at endringane vil gjelde for konsernbidrag som vert ytt i samband med inntektsfastsetjinga for 2017.

#### *Justering av unntaket for verksemder med høg grad av meirverdiavgiftspliktig aktivitet innanfor næringshovudområde K*

Finansskatten skal svarast av arbeidsgjevarar med tilsette som utfører aktivitetar som er omfatta av næringshovudområde K «Finansierings- og forsikringsvirksomhet» i Statistisk sentralbyrå sin Standard for næringsgruppering (SN 2007). For å skjerme føretak med høg grad av meirverdiavgiftspliktig finansiell aktivitet er det fastsett eit unntak frå finansskatteplikt for føretak der delen løn knytt til meirverdiavgiftspliktig, finansiell aktivitet utgjer meir enn 70 pst. av føretaket sine «samlede lønnskostnader», sjå Stortinget sitt vedtak om fastsetting av finansskatt på lønn for 2017 § 2 tredje ledd. Bakgrunnen for unntaket er at næringshovudområde K i SN 2007 ikkje fullt ut er samanfallande med meirverdiavgiftsunntaket for finansielle tenester, sjå nærmare i Prop. 1 LS (2016–2017) punkt 6.3.2.

At det skal takast utgangspunkt i føretaket sine «samlede lønnskostnader», kan innebere at enkelte føretak som driv aktivitet som fullt ut er meirverdiavgiftspliktig ikkje vert fanga opp av unntaket. Bakgrunnen er at finansføretaka sine lønnskostnader til aktivitet også utanfor næringshovudområde K etter gjeldande reglar skal medrekna ved berekninga av om terskelen i § 2 tredje ledd er oppfylt. Slik aktivitet vil som utgangspunkt vere meirverdiavgiftspliktig. Eit utslag av dagens reglar er at føretak som driv med

meir reindyrka finansiell aktivitet lettare vil kunne fangast opp av unntaket enn føretak med blanda verksemd (aktivitet både innanfor og utanfor næringshovudområde K).

Departementet vurderer det som meir i tråd med formålet bak unntaket om delen løn knytt til meirverdiavgiftspliktig, finansiell aktivitet vert vurdert i høve til føretaket sine «samlede lønnskostnader knyttet til finansiell aktivitet». Med ei slik endring vil finansskatten i mindre grad omfatte føretak som er meirverdiavgiftspliktige. Departementet foreslår at vedtaket § 2 tredje ledd vert endra slik.

Endringa inneber at føretak med meirverdiavgiftspliktig, finansiell aktivitet skal vurdere lønnskostnader til slik aktivitet i høve til sine samla lønnskostnader knytte til finansiell aktivitet omfatta av næringshovudområde K. Dersom delen løn overstig 70 pst. av føretaket si samla løn knytt til finansiell aktivitet, er føretaket ikkje finansskattepliktig.

Endringa er ei mindre justering. Departementet antek at endringa ikkje får provenymessige konsekvensar i 2017.

Departementet viser til framlegg om endring i Stortinget sitt vedtak om finansskatt på løn for 2017 § 2 tredje ledd.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad for inntektsåret 2017.

### **13.3 Omtale av tiltak mot tilpassing ved fellesregistrering av konsernføretak**

Merverdiavgiftsloven opnar for at samarbeidande selskap på nærmare vilkår kan fellesregistrerast som eitt avgiftssubjekt. Formålet bak reglane om fellesregistrering er å sikre frådrag for inngåande meirverdiavgift som ein ville hatt om verksemda hadde vore organisert som eitt selskap, også når verksemda er organisert i fleire selskap som inngår i konsern, så langt desse er fellesregistrerte. Det skal ikkje rekna meirverdiavgift på transaksjonar mellom selskap som er fellesregistrerte.

Finansskatt skal svarast av føretak med tilsette som utfører finanzielle aktivitetar som er omfatta av næringshovudområde K i SN 2007. Utleige av arbeidskraft er i SN 2007 definert som utleige av arbeidskrafttenester og er omfatta av næringshovudområde N. Det skal ikkje svarast finansskatt av løn til arbeidstakrar som vert leigde ut til andre føretak, heller ikkje om dei vert nytta til å utføre finanzielle aktivitetar i føretaket som leiger

arbeidstakarane. Utleige av arbeidskraft er meir-verdiavgiftspliktig.

Enkelte konsernføretak kan tenkast å nytte reglane om fellesregistrering av samarbeidande føretak for å gjere tilpassingar som reduserer berekningsgrunnlaget for finansskatten. Departementet meiner at slike tilpassingar kan vere uheldige.

Departementet vil fram mot budsjettet for 2018 vurdere moglege regelendringar for å mot-

verke uheldige tilpassingshøve som er beskrivne over. Ei løysing som departementet vurderer, er å krevje at eit finansskattepliktig føretak må medrekne og betale finansskatt av lønskostnader til innleigde arbeidstakarar. Alternativt vurderer departementet om finansføretaket skal medrekne vederlag som er betalt til bemanningsføretaket for arbeidstakarane i finansskattegrunnlaget.

## **14 Unntak frå plikta til å justere meirverdiavgiftskompensasjon ved kommunesamanslåingar og -delingar**

Departementet gjer framlegg om unntak frå plikta til å justere kompensert meirverdiavgift etter merverdiavgiftskompensasjonsloven ved overdragning av bygg, anlegg eller annan fast eigedom i samband med kommunesamanslåingar og -delingar.

Regjeringa har starta ei reform av kommunestrukturen i Noreg. Eit sentralt prinsipp i reforma er at samanslåingar og -delingar ikkje skal utløyse utgifter eller prosedyrekrav for kommunane. Samanslåing og deling av kommunar, endring av grenser og fastsetjing av grenser er regulert i lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova). Det fylgjer av lova § 3 første ledd at ei samanslåing inneber at to eller fleire kommunar eller fylke vert slåtte saman til éi ny eining. Av andre ledd fylgjer det at deling inneber at ein kommune eller eit fylke vert delt i to eller fleire nye einingar, eller at ein kommune eller eit fylke vert delt, og dei einskilde delane vert lagde til andre kommunar. Kommunar som vert slåtte saman etter reglane i inndelingslova, vil overdra ei rekke bygg og anlegg m.m. Tilsvarande vil skje ved ei deling av kommunar.

Merverdiavgiftskompensasjonsloven inneholder reglar om rett og plikt til å justere kompensert meirverdiavgift på anskaffingar til bygg, anlegg og annan fast eigedom, sjá lova § 16. Formålet med justeringsreglane er at bruken av bygget m.m. skal spegle tilknytinga til den kompensasjonsretta verksemda over ein lengre periode, og ikkje berre på tidspunktet for anskaffinga. Merverdiavgiftskompensasjonsloven sine reglar om justering inneber at det ved ei bruksendring eller anna disponering (justeringshending) over bygg, anlegg eller annan fast eigedom skal skje ein auke eller reduksjon i tidlegare kompensert meirverdiavgift. Plikta til å justere gjeld i ti år frå tidspunktet for ferdigstillinga av bygget eller byggetiltaket m.m. (justeringsperioden).

Overdraging utløyser som utgangspunkt ei plikt for kommunane til å tilbakebetale (justere) tidlegare kompensert meirverdiavgift. Justering kan unnlatast dersom justeringsplikta vert overført til kjøparen av bygget. Eit vilkår for å kunne overføre justeringsplikta er at det vert laga ein justeringsavtale med tilhøyrande dokumentasjon av ei rekke opplysningar. Dette kan vere administrativt krevjande.

Departementet foreslår av omsyn til kommunane at det vert fastsett i merverdiavgiftskompensasjonsloven at overdragingar av bygg m.m. ved kommunesamanslåing og -deling ikkje er ei justeringshending. Framlegget inneber at fylke og kommunar som vert slåtte saman eller delte med heimel i inndelingslova §§ 4 og 5, ikkje må justere tidlegare kompensert meirverdiavgift når kommunen sine bygg, anlegg og faste eigedomar vert overførte til den nye kommunen eller dei nye kommunane. Framlegget omfattar òg dei tilfella der bygget m.m. vert overteke av ei avgiftsregistrert eining i den overtakande kommunen. Endringane medfører at kommunane slepp å utarbeide justeringsavtalar for å overføre plikta og retten til justering. Pliktene og rettane etter justeringsregelverket, som til dømes rett og plikt til å justere ved bruksendringar og overdragingar, vil etter ei overføring av eigedomane ligge til den eller dei nye kommunane som har overteke eigedomen. Departementet sitt framlegg inneber ingen endringar i reglane om justering etter merverdiavgiftskompensasjonsloven.

Departementet viser til framlegg om endringar i merverdiavgiftskompensasjonsloven § 16. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks og får verknad for kommunesamanslåingar under gjeldande reform, som vil seie med verknad frå og med 1. januar 2017.

## 15 Frittståande skular med vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

Utgifter som frittståande vidaregåande skular har til opplæringa av vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring er ikkje omfatta av den generelle ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon for kommunesektoren. I Revidert nasjonalbudsjett 2016, jf. Innst. 400 S (2015–2016), uttala fleirtalet i finanskomiteen at dei føreset at «[...]samtlige skoler får kompensert for den tapte merverdiavgiftskompensasjonen som følge av praktiseringen av eksisterende regelverk. Kompensasjonen skal også gjelde for de krav og avkortninger som fremsettes inntil nytt regelverk er kommet på plass, og det forutsettes at et slike nytt regelverk gjøres gjeldende fra 1. januar 2017».

I statsbudsjettet for 2017 vart føresetnadene til Stortinget fylgde opp ved at frittståande skular fekk auka statstilskot for vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring. Samstundes fekk dei frittståande skulane òg rett til kompensasjon for meirverdiavgiftsutgifter for oppføring og drift av internatdelen til skulane. Av administrative omsyn vert det gjeve kompensasjon for elevar med og utan rett til vidaregåande opplæring for internatdelen.

I behandlinga av statsbudsjettet for 2017 fatta Stortinget eit oppmodingsvedtak (forslag nr. 14 til Prop. 1 LS (2016–2017) og Innst. 3 S (2016–2017)):

«Stortinget ber regjeringen sørge for at dekningen av friskolers merverdiavgiftsutgifter for vaksne elever som ikke har rettskrav på vidaregående opplæring blir fullt ut kompensert gjennom forhøyet tilskuddssats fra 1. januar 2017.»

Den auka tilskottssatsen for dei frittståande skulane skulle dekkje meirverdiavgiftsutgiftene for drift av skulen knytte til elevar utan rett til vidaregåande opplæring. Meirverdiavgiftsutgifter for investeringar vert i dag ikkje dekte. For å dekkje dei fulle meirverdiavgiftsutgiftene i samband med både drift og investeringar for dei frittståande skulane, foreslår departementet å utvide ordninga for meirverdiavgiftskompensasjon til òg å omfatte opplæringa av elevar utan rett til vidaregåande opplæring ved frittståande skular. Administrative omsyn taler òg for ei slik utviding av ordninga for meirverdiavgiftskompensasjon. Samstundes foreslår regjeringa å reversere auken i tilskottssatsen.

Det er intensjonen til Stortinget at dei frittståande skulane skal få dekte meirverdiavgiftsutgiftene frå 1. januar 2017. Regjeringa foreslår difor at utvidinga av ordninga for meirverdiavgiftskompensasjon får verknad frå 1. januar 2017. Dei som har rett til kompensasjon etter utvidinga kan søkje om å få dekte meirverdiavgiftsutgifter frå den fyrste halvdelen av 2017 i påfølgjande skattemeldingar for meirverdiavgiftskompensasjon.

Det er anteke at framlegget om utviding av merverdiavgiftskompensasjonsloven medfører ein auke i kompensasjonsutbetalingar på til saman 12 mill. kroner påløpt og 10 mill. kroner bokført i 2017. Utvidinga vert dekt gjennom reduksjonar på budsjettet til Kunnskapsdepartementet, jf. Prop. 129 S (2016–2017) Tilleggsbevilgninger og omproriteringer i statsbudsjettet 2017.

Departementet viser til framlegg om endring av merverdiavgiftskompensasjonsloven § 2 fyrste ledd bokstav f og framlegg om ny bokstav g. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks, med verknad frå og med 1. januar 2017.

## 16 Oppfylging av skatteforvaltningsloven

### 16.1 Innleiing

Lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven) tok til å gjelde 1. januar 2017. Lova samlar alle forvaltingsreglane på skatte- og avgiftsområdet og erstattar ligningsloven og ei rekke forvaltingsreglar i skatte- og avgiftslover. Som oppfylging av lova foreslår departementet nokre opprettingar og presiseringar m.m., både i sjølvé skatteforvaltningsloven og i nokre andre lover. Departementet foreslår at endringa i skatteloven § 10-2 tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017, medan dei andre endringane tek til å gjelde straks.

### 16.2 Opprettingar i folketrygdloven

Folketrygdloven § 24-4 gjeld kontroll av arbeidsgjevarar m.m. I tredje ledd fyrste punktum går det fram at skatteoppkrevjaren og skattekontoret kan kopiere til datalagringsmedium ved gjennomsyn av ei verksemd. Kontrollåtgangen til skattekontoret vert no regulert av skatteforvaltningsloven, og departementet foreslår difor å oppheve tilvisinga til skattekontor i folketrygdloven § 24-4.

Departementet viser til framlegg til endringar i folketrygdloven § 24-4 tredje ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### 16.3 Opprettingar i skatteloven

Skatteloven nyttar tidlegare uttrykk som «ligning», «utlignet skatt» m.m. i mange føresegner. Ligningsloven vert oppheva i samband med den nye skatteforvaltningsloven, og uttrykket likning er ikkje lenger i bruk. Føresegnene i skatteloven vart difor endra ved lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven) § 16-3 nr. 22. Departementet ser behov for å korrigere ein del av desse endringane, og viser til framlegg til endringar i skatteloven §§ 2-2, 2-10 til 2-15, 2-20, 2-33, 2-35, 3-1, 4-3, 4-17, 4-20, 4-31, 4-50, 4-51, 5-2, 5-11, 5-41, 6-3, 6-32, 6-49, 6-51, 6-70, 6-90, 7-3, 8-2,

8-3, 8-10, 9-14, 10-2, 10-63, 10-70, 14-1, 14-7, 14-70, 14-80, 14-82, 15-3, 15-4, 16-10, 16-28, 16-63, 17-2 og 18-5. Framleggget er ikkje meint å innebere realitetsendringar. Departementet foreslår at endringa i skatteloven § 10-2 tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2017, medan dei andre endringane tek til å gjelde straks.

### 16.4 Opprettingar i skattebetalingsloven

Føresegnene i skattebetalingsloven §§ 10-12, 11-2 og 11-4 nyttar uttrykk som levering av «oppgave». For å fylge opp ny terminologi i skatteforvaltningsloven, foreslår departementet at «melding» vert nytta i staden for «oppgave». I skattebetalingsloven § 10-12 foreslår departementet vidare å endre tilvisinga til artistkatteloven § 11 til skatteforvaltningsloven § 8-15, jf. § 8-8 andre ledd, som no er riktig tilvising.

Departementet viser til framlegg til endringar i skattebetalingsloven §§ 10-12, 11-2 og 11-4. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### 16.5 Opprettingar i merverdiavgiftsloven

#### Merverdiavgiftsloven § 1-3

Føresegna definerer einskilde ord og uttrykk og viser i fyrste ledd bokstav g om unntak frå lova til §§ 16-1 og 16-6 i lova. Merverdiavgiftsloven kapittel 16 vart oppheva med skatteforvaltningsloven, og departementet foreslår difor at tilvisinga vert oppheva.

Departementet viser til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 1-3 fyrste ledd bokstav g. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### Merverdiavgiftsloven § 10-7

Føresegna gjeld refusjon av merverdiavgift som vert betala ved innførsel. Departementet foreslår

at tilvisinga til § 11-2 i § 10-7 andre ledd tredje punktum vert endra til § 11-1 fyrste ledd, som no er riktig tilvising.

Departementet viser til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 10-7 andre ledd tredje punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Merverdiavgiftsloven § 14-7*

Føresegna gjeld sletting frå register for forenkla ordning. Tredje og fjerde ledd viser til andre ledd, men tilvisinga er feil då andre ledd vart nytt fyrste ledd som fylgje av skatteforvaltningsloven. Tilvisinga må difor endrast.

Departementet viser til framlegg til endringar i merverdiavgiftsloven § 14-7 tredje og fjerde ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### *Merverdiavgiftsloven § 15-10*

Føresegna gjeld dokumentasjonsplikt og viser i fjerde ledd til «omsetningsoppgaven». Ved skatteforvaltningsloven vart dette uttrykket erstatta med uttrykket «skattemelding», og føresegna må difor endrast i samsvar med dette.

Departementet viser til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 15-10 fjerde ledd andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Merverdiavgiftsloven § 22-2*

Overgangsreglane i andre ledd andre og tredje punktum er ikkje lenger aktuelle. Departementet foreslår difor at dei vert oppheva.

Departementet viser til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 22-2 andre ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## **16.6 Opprettningar, preseringar m.m. i skatteforvaltningsloven**

#### *Skatteforvaltningsloven § 2-10*

Føresegna regulerer kva personar som ikkje kan gjere teneste som medlem av ei skatte- eller avgiftsnemnd. Dette gjeld mellom anna personar som i laupet av dei siste ti åra er straffa for å ha brote straffeloven §§ 378 og 379 (forsettleg skattesvik) og personar som i laupet av dei siste ti åra har fått skjerpa tilleggsskatt etter skatteforvaltningsloven § 14-6, jf. § 2-10 bokstav c og d. Straff for brot på straffeloven § 380, som gjeld grovt akt-

laust skattesvik, er derimot ikkje til hinder for å vere nemndsmedlem.

Skjerpa tilleggsskatt kan verte pålagd når skatttytar har handla grovt aktlaust, og kjem i staden for melding til påtalemakta. Departementet meiner difor at også straff for brot på straffeloven § 380 bør vere til hinder for å gjere teneste som nemndsmedlem.

Departementet viser til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 2-10 bokstav c. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 7-4*

Føresegna nyttar uttrykket «deltakerlignet selskap». Ved skatteforvaltningsloven vart uttrykket erstatta med uttrykket «selskap med deltakerfastsetting». Føresegna må difor endrast i samsvar med dette.

Departementet viser til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 7-4 fyrste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 7-13*

Føresegna gjev departementet heimel til å gje forskrift om mellom anna leveringsmåte, leveringsfristar og leveringsstad for pliktige opplysningar etter kapittel 7. Føresegna vidarefører den tidlegare forskritsheimelen i ligningsloven § 5-12. Med heimel i denne var det òg gjeven forskrift om innhaldet i opplysningsplikta, det vil seie kva ulike tredjepartar skal gje informasjon om. Desse føresegne er i all hovudsak vidareførte i skatteforvaltningsforskriften, og departementet foreslår ein tilføyning i skatteforvaltningsloven § 7-13 om at departementet kan gje forskrift om det nærmare innhaldet i opplysningsplikta.

Departementet viser til framlegg til endringar i skatteforvaltningsloven § 7-13 fyrste ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 8-2*

Føresegna bestemmer mellom anna kven som skal leve skattemelding for svalbardskatt og vidarefører Svalbardskatteloven § 4-4. Ved overføringa til skatteforvaltningsloven vart ordlyden endra noko, men utan at det var meininga å endre innhaldet. Departementet ser at føresegna har vorte meir upresis etter endringa og foreslår difor at ho vert endra tilbake til tidlegare ordlyd.

Departementet foreslår også å endre tilvisinga til kven som er skattepliktig til Svalbard, og som dermed skal levere skattemelding. Både i den tidlegare føresegna i Svalbardskatteloven § 4-4 og noverande § 8-2 i skatteforvaltningsloven er det vist til Svalbardskatteloven §§ 2-1 og 2-2. Riktig tilvising skal vere §§ 2-1 og 2-3.

Departementet viser til framlegg til endringar i skatteforvaltningsloven § 8-2 første ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 8-3*

Føresegna bestemmer kven som skal levere skattemelding for merverdiavgift, og viser i andre ledd til skattytarar som er nemnde i første ledd bokstav b til e. Riktig tilvising skal vere første ledd bokstav b til d.

Departementet viser til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 8-3 andre ledd tredje punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 14-3*

Føresegna gjeld tilleggsskatt og fastset mellom anna at tilleggsskatt vert pålagd skattytar og trekpliktig som har unnlata å levere pliktige opplysningar, når dette kan føre til skattemessige fordelar. Etter første ledd andre punktum vert det rekna som unnlaten levering dersom opplysningsane vert leverte etter at skattestyremaktene har fatta vedtak om skattegrunnlaget og berekna skatt. Føresegna byggjer på ei tilsvarende føresegn i ligningsloven § 10-2.

Etter ligningsloven fekk skattytar som leverte sjølvmeldinga etter leveringsfristen, ei forseinkingsavgift. Avgifta vart berekna i samband med likninga, og det var difor naudsynt å regulere skiljet mellom forseinka og ikkje levert melding. Ordninga med forseinkingsavgift vart oppheva med skatteforvaltningsloven, og det er ikkje lenger naudsynt å regulere eit slikt skilje. Departementet foreslår difor at første ledd andre punktum vert oppheva.

Departementet viser til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 14-3 første ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

#### *Skatteforvaltningsloven § 16-2*

Føresegna gjev overgangsreglar og regulerer mellom anna kva tilleggsskattereglar som skal

nyttast når eit lovbro har skjedd før skatteforvaltningsloven tok til å gjelde.

Etter andre ledd får reglane om tilleggsskatt og lovbrotsgebyr i skatteforvaltningsloven §§ 14-3 til 14-7 verknad for saker som vart tekne opp med varsel om tilleggsskatt eller lovbrotsgebyr etter at lova tok til å gjelde 1. januar 2017. For saker med varsel før lova tok til å gjelde, gjeld derimot dei tidlegare reglane i ligningsloven og merverdiavgiftsloven.

Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 7 nr. 1 har følgjande ordlyd:

«Ingen skal bli funnet skyldig i en straffbar handling på grunn av noen gjerning eller unnlatelse som ikke utgjorde en straffbar handling etter nasjonal eller internasjonal rett på den tid da den ble begått. Heller ikke skal en strengere straff bli idømt enn den som gjaldt på den tid da den straffbare handling ble begått.»

Den europeiske menneskerettsdomstol (EMD) har i saka Scoppola mot Italia frå 2009 innfortolka eit krav i andre punktum om at mildare strafferegler, som er vedtekne og har teke til å gjelde etter at lovbrotet fann stad, skal brukast, jf. også Høgsterett sin omtale i dom 20. september 2016. Departementet foreslår på denne bakgrunn endringar i overgangsreglane slik at dei vert meir i samsvar med EMK. Framlegget inneber at skattestyremaktene, i saker der lovbrotet fann stad før 1. januar 2017, men saka vert behandla etter dette tidspunktet, skal nytte dei mildaste tilleggsskattereglane (det vil seie uavhengig av når varsel om tilleggsskatt vert sendt).

Departementet viser til framlegg til endringar i skatteforvaltningsloven § 16-2 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## **16.7 Presiseringar knytte til flytting av føresegner om petroleumsskatt til skatteforvaltningsloven**

Av skatteforvaltningsloven § 1 bokstav e følgjer det at lova gjeld for petroleumsskatt. Føresegnene om skatteforvaltning som tidlegare var i petroleumsskatteloven er difor flytta til skatteforvaltningsloven. Etter petroleumsskatteloven er det to grupper av skattepliktige. Det er skattepliktige som har ordinær skatteplikt etter petroleumsskatteloven, og skattepliktige som er særskattepliktige etter petroleumsskatteloven. Departementet

foreslår enkelte presiseringar for å gjere dette skillet tydelegare i skatteforvaltningsloven.

Departementet viser til framlegg til endringar i skatteforvaltningsloven § 2-2, § 8-2 fyrste ledd bokstav c, § 8-11 fyrste ledd fyrste punktum og

tredje ledd siste punktum, § 9-4 fyrste ledd og § 13-3 andre ledd fyrste punktum og fjerde ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

## 17 Opprettningar i lovtekst

### 17.1 Skatteloven § 2-3 fjerde ledd bokstav b – skatteplikt på pensjon for personar som ikkje er busette i riket

Nye reglar om opptening av pensjonsgrunnlag og berekning av alderspensjon i kapittel 20 Ny alderspensjon i folketrygdloven tok til å gjelde 1. januar 2011.

Alderspensjon skal etter dei nye reglane bereknast av opparbeidd pensjonsbehaldning. Pensjonsbehaldninga vert bygd opp av summen av årleg pensjonsopptening på grunnlag av mellom anna pensjonsgjenvande inntekt, dagpengar og uføretrygd. Personar fødde frå og med 1954 vil difor ikkje lenger tene opp pensjonspoeng, men opparbeide pensjonsbehaldning som grunnlag for alderspensionen.

Etter skatteloven § 2-3 fjerde ledd bokstav b har ein person som ikkje er busett i riket skatteplikt til Noreg for visse pensjonar og uføreytingar når mottakaren har tent opp pensjonspoeng i folketrygda, m.m.

For å gjøre det klart at skatteloven § 2-3 fjerde ledd bokstav b og gjeld likeins for dei som har opparbeida rett til pensjon etter folketrygdloven kapittel 20, foreslår departementet at lovteksten vert retta opp slik at den også viser til opparbeida pensjonsbehaldning i tillegg til pensjonspoeng.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2018.

### 17.2 Eigedomsskattelova § 8 C-1

Kommunane kan velje å bruke formuesverdiane som eigedomsskattetakst for bustader, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1. Endringar i reglane om verdsetjing av bustader i formuesskatten kan difor verke inn på reglane i eigedomsskattelova § 8 C-1, jf. Prop. 1 LS (2012–2013) punkt 8.4.5. Ein reduksjonsfaktor i eigedomsskattelova § 8 C-1 tredje ledd skal sikre at ingen bustader får eigedomsskattetakst som er høgare enn marknadsprisen for bustaden.

Då skatteforvaltningsloven vart vedteken av Stortinget vart reglane i eigedomsskattelova endra for at den språklege utforminga skulle passe med faguttrykka i den nye lova. Endringane skulle gjelde frå 1. januar 2017. Ved ein feil vart faktoren for sekundær bustader i eigedomsskattelova § 8 C-1 tredje ledd endra til ein tidlegare faktor, som ikkje skulle gjelde for eigedomsskattåret 2017. Riktig faktor for sekundær bustad i eigedomsskattåret 2017 er 0,95. Difor gjer departementet framlegg om å rette faktoren i eigedomsskattelova § 8 C-1 tredje ledd for eigedomsskattåret 2017 ved å endre skatteforvaltningsloven på dette punktet.

Departementet viser til framlegg til endring i skatteforvaltningsloven § 16-3 Endringer i andre lover punkt 7. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks og med verknad for skatteåret 2017.

Eigedomsskatten vert skriven ut med bruk av formuesverdiar frå skattemeldinga to år tidlegare. Prosentsatsen for å verdsetje sekundær bustader i formuesskatten har auka dei siste åra, og difor er eigedomsskattelova § 8 C-1 òg endra og tek til å gjelde for dei komande eigedomsskattåra. Då skatteforvaltningsloven vart vedteken vart ikkje den språklege utforminga av endringslovene endra. Difor vil ordet «likninga» kome inn igjen i eigedomsskattelova § 8 C-1 tredje ledd frå eigedomsskattåret 2018. Departementet gjer framlegg om at den språklege utforminga i denne endringslova òg vert endra i tråd med ordbruken i skatteforvaltningsloven.

Departementet viser til framlegg til endring i lov 18. desember 2015 nr. 110 om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med skatteåret 2018.

Under budsjettforhandlingane om statsbudsjettet for 2017 vart det semje om å auke prosentsatsen som vert brukt til å verdsetje sekundær bustader i formuesskatten til 90 pst., jf. Innst. 4 L (2016–2017) kapittel 4. På grunn av denne endringa må faktoren for sekundær bustader i eigedomsskattelova § 8 C-1 tredje ledd òg verte

endra. Endringa skal gjelde frå og med eigedomsskatteåret 2019. Departementet gjer framlegg om at endringa i formuesskatten vert fylgt opp med naudsynte endringar i lov 6. juni 1975 nr. 29 (eigedomsskattelova) § 8 C-1.

Departementet viser til framlegg til endring i eigedomsskattelova § 8-3 C-1 tredje ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med skatteåret 2019.

### **17.3 Skattebetalingsloven**

I skattebetalingsloven § 2-2 første ledd andre punktum manglar ein «s» i ordet «innkrevingssentral». Departementet foreslår at skrivefeilen vert retta.

Skattebetalingsloven § 5-7 fastset at trekkfritakket etter første ledd ikkje gjeld for visse ytingar til personar som ikkje bur i Noreg. Ved ein inkurie er dette regulert to stader i § 5-7, både i første ledd bokstav b tredje punktum og i andre ledd, og i andre ledd er det vidare vist til § 5-5 femte ledd i staden for § 5-5 fjerde ledd. Departementet foreslår at § 5-7 første ledd bokstav b tredje punktum vert oppheva og at § 5-7 andre ledd vert endra slik at føresegna viser til § 5-5 fjerde ledd.

Etter skattebetalingsloven § 5-12 andre ledd andre punktum kan «foretak som har rett til å drive finansieringsvirksomhet etter finansieringsvirksomhetsloven § 1-4» stille garanti for forskotstrekki i staden for å setje trekket inn på ein særskild bankkonto. Finansieringsvirksomhetsloven er oppheva, og departementet foreslår at tilvisinga til «finansieringsvirksomhetsloven § 1-4» vert erstatta med ei tilvising til «finansforetaksloven». Endringa tek sikte på å vidareføre gjeldande rett, og vil famne om føretak som nemnd i finansforetaksloven §§ 2-1 og 2-12 første ledd andre punktum.

Skattebetalingsloven § 10-11 om betaling av lønnsstrekki av inntekt på Svalbard vart endra ved lov 17. juni 2016. Endringa inneber at slike lønnsstrekki skal betalast på same måte som forskotstrekki m.m., det vil seie i seks terminar, og ikkje lenger i to halvårlege terminar. Ved ein inkurie er ikkje føresegna om betaling i to halvårlege terminar i § 10-11 andre punktum vorte oppheva. Departementet foreslår ei endring slik at det vert retta opp i dette.

Departementet viser til framlegg om endringar i skattebetalingsloven §§ 2-2, 5-7, 5-12 og 10-11. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

### **17.4 Tolloven § 13-4 om kontroll hos dei opplysningspliktige**

Reglane i tolloven § 13-3a om kontrollopplysningar om tollskyld og § 13-4 om kontroll av dokument m.m. vart endra ved lov 20. desember 2016 nr. 115. Endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2017. I dag har tolloven § 13-3a reglar om kontrollopplysningar frå tollskyldnar og opplysningspliktige etter tolloven kapittel 3 og 4, medan tolloven § 13-3b har reglar om kontrollopplysningar frå tredjepartar. Tolloven § 13-4 har reglar om kontroll hos dei opplysningspliktige.

Norske tollmyndigheter må som fylge av frihandelsavtalar om preferansestoll og andre internasjonale avtalar kunne kontrollere opphavsbevis og andre opplysningar hos norske aktørar på vegner av tollmyndighetene i andre land. Det gjeld sjølv om norske aktørar ikkje har direkte plikt etter tolloven til å gi opplysningar om opphavet til varene de fører ut av landet til norske tollmyndigheter. Tidlegare § 13-4 tredje ledd fastslo at reglane om kontroll av dokument m.m. gjaldt på same måte for «*importør, eksportør eller produsent, i forbindelse med kontroll av utferdigede fakturaer, opprinnelsesbevis eller andre særlige legitimasjonsdokumenter*». Det gjaldt sjølv om aktørane ikkje har direkte opplysningsplikt etter tolloven. Ved endringane i lov 20. desember 2016 nr. 115 er reglane i tidlegare § 13-4 tredje ledd ikkje fullt ut vorte vidareførte. Dette var ikkje tilskikta.

Importør av varer til norsk tollområde er omfatta av reglane i § 13-3a om kontrollopplysningar frå tollskyldnar og andre opplysningspliktige etter tolloven kapittel 3 og 4. Alle som fører varer ut av landet har plikt til å gje opplysningar til norske tollmyndigheter etter tolloven kapittel 3 og 4, og dei som produserer varer i Noreg kan ha plikt til å gje opplysningar som kan ha verknad for kontroll av andre aktørar sin vareførsel ut av landet etter § 13-3b. Tollmyndighetene kan også etter tollforskriften § 8-4-5 krevje at ein eksportør dokumenterer at eit produkt som det er utstedt opphavsbevis for, er eit opphavsprodukt. Etter føresegna i § 13-4 kan tollmyndighetene foreta kontroll hos denne gruppa fordi dei har opplysningsplikt etter lova.

Det vil likevel være einskilde aktørar som ikkje har plikt til å gi opplysningar etter tolloven. For å klårgjere at tollmyndighetene framleis kan foreta kontroll hos denne gruppa foreslår departementet eit nytt femte ledd i § 13-4 om at tollmyndighetene kan foreta kontroll hos «*importør, eksportør eller produsent i forbindelse med kontroll*

*av utferdigede fakturaer, opprinnelsesbevis eller andre særlige legitimasjonsdokumenter».*

Departementet viser til framlegg til endring i tolloven § 13-4. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane (eideomsskatte-lova)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgiftskompensjonsloven)

- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringar i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 27. juni 2008 nr. 62 om individuell pensjonsordning
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)
- lov om endring i lov 18. desember 2015 nr. 110 om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane
- lov om endringar i lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven)

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2017 (Stortingets skattevedtak)
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av finansskatt på lønn for 2017
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for budsjetterminen 2017
- vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til statskassen for budsjettåret 2017

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 24. november 2000 nr. 81 om innskuddspensjon i arbeidsforhold (innskuddspensjonsloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. (merverdiavgiftskompensasjonsloven)
- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skatteinbetlingsloven)
- lov om endringar i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 27. juni 2008 nr. 62 om individuell pensjonsordning
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)
- lov om endring i lov 18. desember 2015 nr. 110 om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane
- lov om endringar i lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning (skatteforvaltningsloven)

og

- vedtak om endring i Stortingets vedtak om skatt av inntekt og formue mv. for inntektsåret 2017 (Stortingets skattevedtak)
  - vedtak om endring i Stortingets vedtak om fastsetting av finansskatt på lønn for 2017
  - vedtak om endring i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for budsjetterminen 2017
  - vedtak om endring i Stortingets vedtak om særavgifter til statskassen for budsjettåret 2017 i samsvar med vedlagte forslag.
-

## A – Forslag til lovvedtak

### Forslag

#### **til lov om endring i lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova)**

I

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om egedomsskatt til kommunane gjer ein følgjande endring:

§ 8 C-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Er verdet (taksten) for bustader sett ned ved fastsetjinga etter skatteloven § 4-10 første ledd

andre eller tredje punktum, utgjer skattegrunnlaget det justerte verdet multiplisert med 2,67 for primærbustad og 0,8 for sekundær bustad.

II

Endringa under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med skatteåret 2019.

### Forslag

#### **til lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)**

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 24-4 tredje ledd første punktum skal lyde:

Ved gjennomsyn av virksomhetens arkiver kan *skatteoppkreveneren* foreta kopiering til datalag-

ringsmedium for senere gjennomgang hos arbeidsgiver eller *skatteoppkrevener*.

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

#### I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 2-2 tredje til femte ledd skal lyde:

(3) Deltakerne i selskap som nevnt i annet ledd *skattlegges* hver for seg for sin andel i selskapets formue og inntekt, jf. §§ 4-40 og 10-40 til 10-45.

(4) *Skattlegging gjennomføres* selv om selskapet eller innretningen er oppløst eller boet er sluttet og midlene utdelt til parthaverne før utgangen av inntektsåret.

(5) For selskap m.v. som har plikt til å svare formuesskatt, er formuesskatteplikten betinget av at selskapet, innretningen eller boet ikke er oppløst eller sluttet 1. januar i *skattefastsettingsåret*.

§ 2-10 skal lyde:

§ 2-10. *Skattlegging* av ektefeller under ett

Ektefeller *skattlegges under ett* for begges formue og inntekt når ikke annet er bestemt i denne lov.

§ 2-11 skal lyde:

§ 2-11. Særskilt *skattlegging* av ektefellers inntekt

(1) Har begge ektefeller inntekt, kan hver av dem *skattlegges særskilt for inntekten*.

(2) *Særskilt skattlegging gjennomføres også uten at ektefellene har fremsatt krav om det*, hvis det gir lavere eller samme samlede skatt som skattlegging under ett.

(3) Ved inntekt av bedrift som tilhører den ene eller begge ektefeller, kan ektefellene etter nærmere dokumentasjon *skattlegges for* en forholdsmessig andel av overskuddet som svarer til arbeidsinnsats og deltakelse i virksomheten. Departementet kan gi forskrift om dokumentasjon.

§ 2-12 skal lyde:

§ 2-12. *Skattlegging* av ektefeller hver for seg

Ektefeller *skattlegges* hver for seg

- a. når ekteskapet er inngått etter 31. oktober året før inntektsåret. Den ektefellen som har lavest alminnelig inntekt, kan likevel *skattlegges* under ett med den andre ektefellen hvis de har stiftet felles hjem før utløpet av inntektsåret,
- b. når de ved utløpet av inntektsåret var separert eller levde varig atskilt.

§ 2-13 skal lyde:

§ 2-13. Fordeling av skatt mellom ektefeller

(1) Ektefeller som helt eller delvis *skattlegges* under ett, jf. §§ 2-10 og 2-12 bokstav a annet punktum, skal *ha* skatt av

- a. alminnelig inntekt *fordelt* etter størrelsen av den alminnelige inntekt hver ektefelle har,
- b. personinntekt *fordelt* etter størrelsen av den personinntekt hver ektefelle har,
- c. formue *fordelt* etter størrelsen av den nettoformue hver ektefelle har.

(2) Endret skatt ved endring av *skattefastsetting* senere enn to år etter utløpet av inntektsåret, skal i sin helhet tilregnes den ektefellen som endringen gjelder. Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av dette ledd.

§ 2-14 skal lyde:

§ 2-14. *Skattlegging* av barns formue og inntekt

(1) Når barn er 16 år eller yngre ved utløpet av inntektsåret, *skattlegges* barnets inntekt og formue med en halvpart på hver av foreldrene hvis foreldre lever sammen ved utgangen av året. Foreldre kan *kreve* en annen fordeling.

(2) Lever ikke foreldrene sammen ved utgangen av året, *skattlegges* barnets inntekt og formue *hos* den av foreldrene som barnet er folkeregistrert sammen med på dette tidspunkt. Hvis denne av foreldrene ikke har hatt omsorgen for barnet det meste av året, kan vedkommende kreve at bar-

